



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Prop. 83 L

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i valgloven
(ansvar for valkort mv.)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	5	Lovendringsforslag	24
			5.1	Ansvar for valkort	24
			5.1.1	Gjeldande rett	24
2	Bakgrunn for lovforslaget	5	5.1.2	Høyringsnotatet	24
2.1	Høytinga	6	5.1.3	Høyringsinstansane	25
2.2	Høyringsinstansar	6	5.1.4	Departementet si vurdering og forslag	26
			5.2	Kretsendingar	27
3	Evaluering av stortingsvalet 2013	8	5.2.1	Gjeldande rett	27
3.1	Departementet si evaluering av stortingsvalet	8	5.2.2	Høyringsnotatet	27
3.1.1	Statistikk	8	5.2.3	Høyringsinstansane	27
3.1.2	Informasjon til veljarane frå departementet	12	5.2.4	Departementet si vurdering og forslag	27
3.1.3	Tilgjengelegheit	13	5.3	§ 3-3 (3) bokstav c	27
3.1.4	Valgjennomføring og opplæring ..	14	5.3.1	Gjeldande rett	27
3.2	Ekstern evaluering	17	5.3.2	Føresurnad frå Norges Kommune-revisorforbund (NKRF)	28
3.2.1	Innleiing	17	5.3.3	Departementet si vurdering og forslag	28
3.2.2	Informasjon	17	5.4	§ 8-3 (2) bokstav a	28
3.2.3	Opplæring	17	5.4.1	Gjeldande rett	28
3.2.4	Brukarstøtte	18	5.4.2	Høyringsinstansane	28
3.2.5	Samla vurdering	18	5.4.3	Departementet si vurdering og forslag	29
3.2.6	Departementet si vurdering	19			
3.3	Forsøk ved stortingsvalet 2013	19	6	Omtale av problemstillingar der det ikkje er forslag om lovendingar	29
3.3.1	Forsøk med internett-stemmegeving	19	6.1	For seint innkomne førehandsstemmer	29
3.3.2	Forsøk med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen og forenkla framgangsmåte for mottak av framande stemmer	19	6.1.1	Gjeldande rett	29
3.4	Sametingsvalet	21	6.1.2	Problemstillinga	29
3.4.1	Gjeldande rett	21	6.1.3	Høyringsforslaget frå departementet	29
3.4.2	Valdeltaking	21	6.1.4	Departementet si vurdering	32
3.4.3	Evaluering	21	6.1.5	Forslag om ny postlov og postforskrift	33
4	Internasjonal valobservasjon ...	21	7	Økonomiske og administrative konsekvensar	33
4.1	Observasjon av stortingsvalet 2013	21			
4.2	Rapport frå OSSE om stortingsvalet 2013	21	8	Merknader til dei enkelte føresegnene	34
4.2.1	Plikta å stille til val	22			
4.2.2	Klageordninga	22			
4.2.3	Moglegheita listekandidatar har til å sitje i valstyret	22			
4.2.4	Retten individet har til å stille til val	23			
4.2.5	Om EVA	23			
4.2.6	Oppteljing og publisering av valresultat	23			
				Forslag til lov om endringar i valgloven (ansvar for valkort mv.)	35



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Prop. 83 L

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i valgloven (ansvar for valkort mv.)

*Tilråding frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 27. mars 2015,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I denne proposisjonen fremjar Kommunal- og moderniseringsdepartementet forslag om enkelte endringar i lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven).

Forslaga inneber mellom anna at ansvar for produksjon og utsending av valkort blir overført frå kommunane til departementet. Vidare blir forskriftsheimelen om valkort utvida til å omfatte departementet si myndigheit til å gje nærare føresegner om valstyret sine pliktar i samband med produksjonen og utsendinga. Proposisjonen inneheld også forslag om at kretsendingar skal rapporterast til sentral matrikkeleiing (Statens kartverk), og ei presisering av at den som gjer revisjon i vedkomande kommune eller fylkeskommune er utestengd frå val til fylkestinget eller kommunestyret. Det blir også foreslått at omgrepet «helse- og sosialinstitusjoner» blir endra til «helse- og omsorgsinstitusjoner».

Vidare inneheld proposisjonen ein omtale av problemstillingar knytte til for seint innkomne førehandsstemmer. Dette er eit område der det ikkje blir foreslått lovendingar, men der det kan vere aktuelt at departementet fastset forskriftsendingar.

Etter stortingsvalet i 2013 har departementet gjort ei omfattande evaluering av gjennomføringa av valet i kommunane og fylkeskommunane. Det

er også gjennomført ei ekstern evaluering. Desse evalueringane blir omtala innleiingsvis i proposisjonen. Forsøka som blei gjennomført ved stortingsvalet i 2013 blir også omtala.

Rapporten departementet mottok frå Organisasjonen for sikkerheit og samarbeid i Europa (OSSE) etter observasjonen ved stortingsvalet i 2013 blir kommentert i proposisjonen.

2 Bakgrunn for lovforslaget

I dag er det valstyra i kommunane som skal sørge for at det blir produsert og sendt ut valkort. Departementet overtok ansvaret for manntalet og oppdateringa av dette før valet i 2013. Valkorta blir laga på bakgrunn av manntalet. Sidan produksjon og utsending av valkort har nær samanheng med utarbeiding av manntalet, talar dette for at statleg myndigheit også får ansvar for produksjon og utsending av valkorta. Departementet foreslår derfor at ansvaret for produksjon og utsending av valkort blir overført frå kommunane til departementet. Det har også vore behov for å gjere mindre tekniske og språklege endringar i vallova.

I Noreg nyt vi ei høg grad av tillit til at valgjennomføringa er korrekt. Dette er likevel eit område som krev stor merksemd slik at tilliten blir oppretthalden. Departementet vil derfor innleiingsvis peike på kor viktig det er at det ikkje blir innført

system- og regelendringar utan at det er gode grunnar til det. Gjennomføring av val krev at det er etablert eit omfattande apparat i kvar enkelt kommune, med mange detaljerte rutinar som alle valfunksjonærane må setje seg inn i for å sikre ei korrekt valg gjennomføring. Valet blir gjennomført annakvart år og er inga rutineoppgåve. Det gir utfordringar når det gjeld å sikre kontinuitet. All erfaring tilseier at system- og regelendringar bidreg til at risikoen for feil aukar. Feila kan føre til at veljarane ikkje får stemt, eller til at stemmer blir forkasta. Departementet meiner det er viktig å vere varsam med å innføre endringar som gjeld sjølve stemmegivinga, dersom det ikkje er openberre grunnar som gjer seg gjeldande.

2.1 Høyringa

I høyringsbrev av 3. juli 2014 sende Kommunal- og moderniseringsdepartementet på høyring forslaget om endringar i vallova og valforskrifta. I høyringsnotatet gjorde departementet også greie for evalueringa av stortings- og sametingsvalet i 2013. Høyringsfristen blei sett til 31. oktober 2014. Departementet har fått høyringsfråsegner frå 66 instansar, av desse var 18 utan merknader.

2.2 Høyringsinstansar

Høyringsbrevet blei sendt på høyring til desse høyringsinstansane:

Departementa

Fylkesmenn
Ombodsmannen for forsvaret
Riksrevisjonen
Sametinget
Sametingets ungdomspolitiske utval (SUPU)
Sivilombodsmannen
Sysselmannen på Svalbard

Barneombudet
Brønnøysundregistra
Datatilsynet
Den norske kyrkja
Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi)
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
Finanstilsynet
Forbrukarombudet
Forbrukarrådet
Helsedirektoratet
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)
Konkurransetilsynet
Likestillings- og diskrimineringsnemnda

Likestillings- og diskrimineringsombudet
Medietilsynet
Nasjonalt tryggingsorgan (NSM)
Noregs Bank
Noregs forskingsråd
Riksarkivet
Skattedirektoratet
Statens helsetilsyn
Statens kartverk
Statens råd for likestilling av funksjonshemma
Statens seniorråd
Statistisk sentralbyrå (SSB)
Utdanningsdirektoratet
Utlendingsdirektoratet

Fylkeskommunar
Kommunar
Longyearbyen lokalstyre

Aftenposten
Akademikerne
Arbeidsgiverforeningen Spekter
Dagbladet
Dagens Næringsliv
Delta
Den Norske Advokatforening
Den Norske Dommerforening
Den norske Helsingforskomité
Den norske Revisorforening
Elevorganisasjonen
EVERY
Fagforbundet
Faglig forum for formannskapssekretærer
Fellesforbundet
Finansnæringens Hovedorganisasjon
Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring
Foreldreutvalet for grunnskolen
Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)
Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO)
Handels- og servicenæringens hovedorganisasjon
Innvandrerne landsorganisasjon (INLO)
Institutt for samfunnsforskning (ISF)
KS – Kommunesektorens organisasjon
Landsorganisasjonen i Norge (LO)
Landsrådet for norske barne- og ungdomsorganisasjoner
Likestillingssenteret
Mediebedriftenes Landsforening
MiRA-Senteret
Nasjonalforeningen for folkehelsen
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU)
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU)

Norges Blindeforbund
 Norges Handikapforbund
 Norges Juristforbund
 Norges Kommunerevisorforbund
 Norsk design- og arkitektursenter
 Norsk Forbund for Utviklingshemmede
 Norsk Forening for Bolig- og Byplanlegging
 Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR)
 Norsk Journalistlag
 Norsk Pasientforening
 Norsk Pensjonistforbund
 Norsk Presseforbund
 Norsk Redaktørforening
 Norsk ressursbank for demokrati og menneskerettar (NORDEM)
 Norsk Rådmannsforum
 Norsk studentorganisasjon
 Norsk sykepleierforbund
 Norsk rikskringkasting (NRK)
 Norsk Telegrambyrå (NTB)
 Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
 Posten
 Rokkansenteret
 Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO)
 Sparebankforeningen
 Tillitsmannsordninga i forsvaret (TMO)
 TV2
 Unio
 Universitetet i Agder
 Universitetet i Bergen
 Universitetet i Oslo
 Universitetet i Stavanger
 Universitetet i Tromsø
 Utdanningsforbundet
 Valgforum
 Verdens Gang (VG)
 Yrkesorganisasjonenes sentralforbund (YS)

Arbeidarpartiet
 Demokratane
 Det Liberale Folkepartiet
 Framstegspartiet
 Høgre
 Kristeleg Folkeparti
 Kristent Samlingsparti
 Kystpartiet
 Miljøpartiet dei Grøne
 Noregs Kommunistiske Parti
 Partiet Dei Kristne
 Pensjonistpartiet
 Piratpartiet
 Raudt
 Samfunnspartiet

Senterpartiet
 Sosialistisk Venstreparti
 Tverrpolitisk Folkevalde
 Venstre

Følgjande instansar har kome med realitetsmerknader til forslaget:

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
 Justis- og beredskapsdepartementet
 Samferdselsdepartementet

Brønnøysundregistra
 Forbrukarrådet
 Helsedirektoratet
 Statens kartverk

Akershus fylkeskommune
 Buskerud fylkeskommune
 Nordland fylkeskommune
 Oppland fylkeskommune
 Rogaland fylkeskommune
 Vest-Agder fylkeskommune
 Østfold fylkeskommune

Asker kommune
 Bergen kommune
 Bremanger kommune
 Bærum kommune
 Hammerfest kommune
 Lenvik kommune
 Levanger kommune
 Lillesand kommune
 Lunner kommune
 Mandal kommune
 Meland kommune
 Oppegård kommune
 Radøy kommune
 Sandnes kommune
 Selbu kommune
 Ski kommune
 Stavanger kommune
 Sør-Fron kommune
 Tana kommune – Deanu gielda
 Trondheim kommune
 Valle kommune
 Vefsn kommune
 Ålesund kommune

Arbeidarpartiet
 Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO)
 Kommunesektorens organisasjon
 Norsk Forbund for Utviklingshemmede
 Høgre

Noregs kommunistiske parti – Sekretariatet
 Noregs kommunistiske parti Midt-Norge
 Noregs kommunistiske parti Østfold distrikt
 Posten Norge
 Tillitsmannsordninga i Forsvaret
 Valgforum

Følgjande instansar har svart at dei ikkje har merknader til forslaget:

Forsvarsdepartementet
 Helse-og omsorgsdepartementet
 Klima- og miljødepartementet
 Landbruks- og matdepartementet
 Utenriksdepartementet

Fylkesmannen i Vest-Agder

Kyrkjerådet
 Post- og teletilsynet
 Statistisk sentralbyrå (SSB)

Sør-Trøndelag fylkeskommune

Hobøl kommune
 Meldal kommune
 Molde kommune
 Nes kommune
 Randaberg kommune
 Sauherad kommune
 Sel kommune

Fagforbundet

3 Evaluering av stortingsvalet 2013

3.1 Departementet si evaluering av stortingsvalet

Departementet har evaluert stortingsvalet i 2013 gjennom fleire ulike spørjeundersøkingar retta mot kommunane og fylkeskommunane. Dei to forsøka med stemmegiving over nett og elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen har blitt særskilt evaluerte.

Dei valansvarlege i kommunane og fylkeskommunane blei stilte spørsmål om valgjennomfø-

ringa. Spørsmåla handla mellom anna om vallokale og tilgjengelegheit, bruk av EVA, brukarstøtte, beredskapsrutinar og oppteljing. Det blei også sendt ut eit eige spørjeskjema til skanningansvarleg og IKT-ansvarleg i kommunane og fylkeskommunane. 18 fylkeskommunar og 367 kommunar har svart på undersøkingane. Det gir ein svarprosent på høvesvis cirka 95 og 86 prosent.

Stortingets fullmaktskomité uttaler i Innst. 1 S (2013–2014) at heilskapsinntrykket etter valet er at det har vore gjennomført på ein god og effektiv måte i kommunane, og at fylkesvalstyra har utført ein grundig kontroll med valstyra. Merknadene frå fullmaktskomiteen er omtalte i dei relevante kapitla.

Stortingets fullmaktskomité bad om å få evaluert innføringa av valadministrasjonssystemet EVA og departementets opplæringsopplegg for å kunne kvalitetssikre best mogleg og eventuelt utbetre det før neste val. Departementet har følgd opp dette gjennom ei ekstern evaluering. Evalueringa er gjennomført av Oslo Economics og er presentert i kapittel 3.2. Forsøket med internettstemmegiving er evaluert eksternt av Institutt for samfunnsforskning og er kort omtalt i kapittel 3.3.

3.1.1 Statistikk

Valdeltaking

Valdeltakinga ved stortingsvalet i 2013 auka samanlikna med stortingsvalet i 2009. Den offisielle statistikken frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at valdeltakinga i 2013 var på 78,2 prosent, ein auke på 1,8 prosentpoeng frå valet i 2009. Valdeltakinga var høgast i Akershus fylke med 81,7 prosent og lågast i Finnmark fylke med 71,3 prosent.

Valdeltaking etter alder

Frå 2009 til 2013 har valdeltakinga auka i nesten alle aldersgruppene. Valdeltakinga blant førstegongsveljarar spesielt, og blant unge veljarar generelt, gjekk betydeleg opp frå 2009 til 2013. Blant førstegongsveljarane (18–21 år) auka valdeltakinga med 10 prosentpoeng. Også i den eldste

Tabell 3.1 Valdeltaking ved stortingsval 2001–2013

Valår	2001	2005	2009	2013
Valdeltaking i prosent	75,5	77,4	76,4	78,2

Kjelde: SSB

Tabell 3.2 Valdeltaking etter alder. Valundersøkinga 2001, 2005, 2009 og 2013.

Valår	2001	2005	2009	2013
I alt	75,5	77,4	76,4	78,2
18–21 år	54,5	55,3	57,0	66,5
22–25 år	55,7	63,1	55,9	62,5
26–29 år	63,1	68,1	68,4	69,4
30–39 år	76,1	78,1	77,4	76,7
40–49 år	79,9	79,9	78,5	80,5
50–59 år	81,8	82,3	82,5	83,3
60–79 år	82,5	83,3	83,3	86,3

Kjelde: Institutt for samfunnsforskning og SSB

aldersgruppa (60–79 år) har det vore ein markant auke i deltakinga samanlikna med 2009.

Valdeltaking blant innvandrarakar

53 prosent av norske statsborgarakar med innvandrarakgrunn, det vil seie innvandrarakar og norskfødde med innvandrarakforeldre, deltok ved stortingsvalet i 2013. Dette er 25 prosentpoeng lågare enn den generelle valdeltakinga i befolkninga. Valdeltakinga blant norske statsborgarakar med innvandrarakgrunn har vore stabil ved dei siste vala.

Valdeltakinga varierer mykje etter landbakgrunn. Både den høgaste og den lågaste deltakinga finn vi blant personar med europeisk landbakgrunn. Samla deltok 55 prosent av dei med europeisk bakgrunn. Blant personar med bakgrunn frå Danmark, Sverige og Tyskland var deltakinga omtrent den same som i befolkninga elles. Blant personar med innvandrarakgrunn frå Balkan var deltakinga mykje lågare. Av dei med bakgrunn frå Kroatia, Makedonia og Kosovo deltok berre rundt ein tredel av dei som hadde stemmerett. Også ved vala i 2005 og 2009 hadde personar med bakgrunn frå Balkan låg deltaking.

Utanfor Europa var det høgast deltaking blant personar med bakgrunn frå Sri Lanka, Somalia og Eritrea, alle med om lag 60 prosent. Samanlikna med valet i 2009 er det personar med innvandrarakgrunn frå Vietnam som har størst auke i val-

deltakinga, frå 36 til 49 prosent. Nedgangen er størst blant innvandrarakar med indisk opphav. Her er det ein nedgang frå 60 til 53 prosent.

Kvinnene med innvandrarakgrunn nytta stemmeretten meir enn menn. 55 prosent av kvinnene og 50 prosent av mennene stemte ved valet i 2013. Ved valet i 2009 var det ingen forskjell mellom kvinner og menn, då hadde begge kjønna ei deltaking på 52 prosent. For somme enkeltland er forskjellane særleg store. Blant personar med innvandrarakgrunn frå Somalia deltok 66 prosent av kvinnene, mot berre 51 prosent av mennene.

Valdeltakinga aukar med butid og alder, men denne tendensen er no mindre eintydig enn ved tidlegare val. For personar med innvandrarakgrunn samla gjeld dette framleis. Det er likevel motsett for personar med afrikansk bakgrunn: Gruppa med kortast butid har høgast valdeltaking, og den yngste aldersgruppa (18–25 år) har høgare valdeltaking enn den eldste (60 år og over).

Mottekne stemmer

Utviklinga i talet på førehandsstemmer og talet på valtingsstemmer ved dei fire siste stortingsvala vises i tabellen under.

I 2013 blei det sett ny rekord for talet på førehandsstemmer. 30,2 prosent av alle godkjende stemmer blei gitt som førehandsstemmer. Det er

Tabell 3.3 Valdeltaking blant innvandrarakar med norsk statsborgarskap

Valår	2001	2005	2009	2013
Valdeltaking i prosent	52	53	52	53

Kjelde: SSB

Tabell 3.4 Godkjende stemmer totalt, gitt på valting og ved førehandsstemming 2001–2013

	2001	2005	2009	2013
Godkjende stemmer	2 521 820	2 638 263	2 682 904	2 836 029
Valtingsstemmer	2 017 492	2 165 612	2 028 965	1 980 774
Førehandsstemmer	504 328	472 651	653 939	855 255
Førehandsstemmer i prosent av godkjende stemmer totalt	20,0	17,9	24,4	30,2

Kjelde: SSB

ein auke på 5,8 prosentpoeng samanlikna med valet i 2009, og 12,3 prosentpoeng samanlikna med stortingsvalet i 2005.

I 2013 blei det gjennomført eit forsøk med elektronisk stemmegiving i 12 kommunar, der det var mogleg å stemme over Internett i førehandsstemmeperioden. Delen som valde å stemme i førehandsstemmeperioden i desse kommunane var høg. I dei 12 forsøkskommunane blei 47 prosent av stemmene gitt på førehand. Det kan ha bidrege noko til at delen førehandsstemmer var så høg i landet som heilskap.

Ved valet i 2013 var det mogleg å gi tidlegstemme i perioden frå 1. juli til 12. august. I denne perioden har ikkje kommunane ei like omfattande plikt til å tilretteleggje. I 2013 blei 14 604 førehandsstemmer gitt i denne perioden. Ordninga med tidlegstemmegiving blei innført ved stortingsvalet i 2009. Det blei då gitt cirka 6 500 tidlegstemmer. Det har altså vore ein stor auke, med meir enn dobbelt så mange tidlegstemmer i 2013 som i 2009.

Forkasta stemmegivingar og stemmesetlar

Reglane for godkjenning og forkasting av stemmegivingar og stemmesetlar følgjer av kapittel 10 i vallova.

Totalt blei 4 494 stemmegivingar forkasta i 2013. Hovudårsaka til forkasting av stemmegivingar var at veljaren ikkje var innført i manntalet i kommunen. Det gjaldt stemmegivingar gitt både på førehand og på valtinget. Høvesvis 56 og 93

prosent av stemmegivingane blei forkasta på grunn av dette. Andre grunnar til at førehandsstemmer blei forkasta, var mellom anna at veljaren allereie hadde fått godkjent ei stemmegiving, eller at stemmegivinga kom for seint fram.

Talet på forkasta førehandsstemmegivingar i 2013 var 639, mens det i 2009 var 653. Det blei gitt over 200 000 fleire førehandsstemmer i 2013 enn 2009, så prosentdelen forkasta førehandsstemmegivingar var lågare i 2013. Ei mogleg årsak til at delen har gått ned, er at kommunane i 2013 hadde tilgang til eitt felles oppdatert manntal gjennom EVA. Tidlegare nytta kommunane ulike system for å få tilgjenge til manntalet.

Totalt blei det forkasta 3 255 stemmesetlar ved stortingsvalet i 2013. Til samanlikning blei 2 064 stemmesetlar forkasta i 2009.

Flesteparten av stemmesetlane som blei forkasta, mangla gyldig stempel, jf. tabell 3.6. Krav om stempling av stemmesetelen ved førehandsstemminga blei innført ved valet i 2013 som følge av at omslagskonvolutten blei fjerna. Ei av årsakene til manglande stempel kan vere at stemmemottakaren har gløymt å stemple før veljaren puttar setelen i urna. Det blei også rapportert om mange tilfelle der veljaren hadde lagt ein blank stemmesetel rundt ein stemmesetel med partinamn, noko som førte til at setelen med partinamn måtte forkastast fordi han ikkje fekk gyldig stempel.

I 2013 blei det forkasta tilnærma like mange stemmesetlar i førehandsstemmeperioden som på valtinget. Dette er eit anna fordelingsmønster enn

Tabell 3.5 Oversikt over godkjende og forkasta stemmegivingar på landsbasis ved stortingsvalet 2013

Godkjende og forkasta stemmegivingar	Førehand	Valting	Totalt
Godkjende stemmegivingar	859 047	1 989 092	2 848 139
Forkasta stemmegivingar	639	3 855	4 494

Kjelde: Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Tabell 3.6 Oversikt over godkjende og forkasta stemmesetlar på landsbasis ved stortingsvalet i 2013

Godkjende og forkasta stemmesetlar	Førehand	Valting	Totalt
Godkjende stemmesetlar	855 255	1 980 774	2 836 029
Forkasta stemmesetlar	1 625	1 630	3 255

Forkastingsgrunnar	Førehand	Valting
Setelen manglar offentleg stempel, § 10-3(1)a	1373	1603
Det går ikkje fram kva val setelen gjeld, § 10-3(1)b	25	9
Det går ikkje fram kva liste veljaren har stemt på, § 10-3(1)c	113	8
Partiet/gruppa stiller ikkje liste, § 10-3(1)d	114	10

Kjelde: Kommunal- og moderniseringsdepartementet

ved valet i 2009, der 633 stemmesetlar blei forkasta frå førehandsstemmegivinga, mens 1433 stemmesetlar blei forkasta på valtinget. Det kan tenkjast at auken kjem av innføringa av stempling av stemmesetelen også ved førehandsstemmegivinga. Det er forventat at talet på forkastingar på grunn av manglande stempel vil gå ned når rutinen blir meir innarbeidd.

For seint innkomne førehandsstemmer

Førehandsstemmer som skal kunne godkjennast og telje med i valoppgjeret, må vere komne inn til valstyret valdagen klokka 21.00. Stemmer som kjem etter denne fristen, skal forkastast, jf. vallova § 10-1 (1) bokstav g.

Det har ikkje vore pålagt kommunane å rapportere talet på førehandsstemmer som kjem inn for seint til å telje med i valoppgjeret. Ei av utfordringane ved rapporteringa i møtebøkene er at desse førehandsstemmegivingane ofte blir mottekne lenge etter at møtebøkene er signerte og

innleverte. Av møtebøkene i fylkesvalstyra kjem det fram at det er forkasta 62 førehandsstemmegivingar på landsbasis fordi dei kom for seint fram til valstyret. Det er likevel liten tvil om at dette talet er for lågt. I ei undersøking frå departementet rett etter valdagen, der 376 kommunar svarte, oppgir 203 kommunar at dei har motteke førehandsstemmer etter at fristen har gått ut. I desse kommunane har det komme inn til saman 1 653 førehandsstemmer for seint til å kunne bli tekne med i valoppgjeret. 391 av desse stemmene er gitt utanriks.

Som tabell 3.4 viste, har talet på førehandsstemmer auka dei seinare åra. Tabell 3.7 viser talet på for seint innkomne førehandsstemmer dei siste tre vala. Tabellen viser at når ein ser på dette talet som del av det totale talet på førehandsstemmer, er ikkje auken like tydeleg. Det kan tyde på at den store auken i talet på førehandsstemmer som blei forkasta fordi dei kom inn for seint, kjem av at det blei gitt fleire førehandsstemmer, heller enn at det har vore større svikt i sendingane enn

Tabell 3.7 Talet på førehandsstemmer mottekne etter at fristen var ute, ved vala 2009, 2011 og 2013.

Valår	Innanriks	Utanriks	Totalt	Del av totalt gitte førehandsstemmer
Stortingsvalet 2013	1262	391	1653	0,193 %
Kommunestyre- og fylkestingsval 2011	880	120	1000	0,184 %
Stortingsvalet 2009	484	193	677	0,104 %

Tala er henta frå ulike spørjeundersøkingar etter vala. Tala er noko usikre, sidan ikkje alle kommunane har svart. Mange kommunar har ikkje registrert talet på for seint innkomne førehandsstemmer, og det er derfor grunn til å tru at dei oppgitte tala er noko lågare enn det faktiske talet.

Kjelde: Evalueringsundersøkingar til kommunane etter vala i 2009, 2011 og 2013.

tidlegare. Departementet ser like fullt alvorleg på at såpass mange førehandsstemmer ikkje blir tekne med i valoppgjeret.

Departementet gjorde greie for dei for seint innkomne førehandsstemmene ved stortingsvalet 2013 for riksstyret i møte den 26. september 2013. Riksstyret hadde denne merknaden:

«Riksstyret forutsetter at det gjennomføres en evaluering av både regelverk og rutiner, og at det på bakgrunn av dette foreslås tiltak for å sikre at forhåndsstemmer avgitt utenfor egen kommune blir tatt med i valoppgjøret.»

I kapittel 6 drøftar departementet moglege endringar i regelverk og rutinar som kan gjerast for å redusere talet på for seint innkomne førehandsstemmer ved framtidige val.

Blanke stemmer

Det blei gitt 12 874 blanke stemmesetlar ved stortingsvalet i 2013. Det er ein svak auke frå 2009, då det kom inn 11 684 blanke stemmesetlar. Det blei gitt 3 701 blanke stemmesetlar under førehandsstemmegivinga og 9 173 blanke stemmesetlar på valtinget.

Klagar

Ved stortingsval er Stortinget sjølv klageinstans når det gjeld klagar om stemmerett og retten til å gi stemme. Riksstyret skal uttale seg om klageane. Når det gjeld klagar over andre forhold, er riksstyret klageinstans. Kommunal- og moderniseringsdepartementet er sekretariat for riksstyret.

Etter vallova § 13-1 har alle med stemmerett ved valet klagerett. Ein kan klage over forhold i samband med førebuinga og gjennomføringa av valet. Vallova § 6-8 regulerer retten til å klage over vedtak i valstyret og fylkestyret om å godkjenne eller forkaste eit listeforslag.

Ved stortingsvalet 2013 kom det inn 16 klagar. I 2009 kom det inn tre klagar. Eksempel på forhold det blei klaga på, var mangel på stemmesetlar for enkelte parti, organisering av val i vallokale, rutinar og tilgjengelegheit ved førehandsstemmegivinga. Ingen klagar fekk medhald.

3.1.2 Informasjon til veljarane frå departementet

Både departementet, fylkeskommunane og kommunane har eit informasjonsansvar på valområdet. Departementet administrerer vallova med for-

skrifter og har det overordna ansvaret for den generelle informasjonsverksemda. Fylkeskommunane handterer listeforslag ved stortingsval. Dei har derfor ansvar for å kunngjere overskriftene på godkjende vallister og informere om kvar dei er lagde ut til offentleg ettersyn. Kommunane har ansvar for å leggje til rette for stemmegiving, inkludert tid og stad for stemmegivinga og ambulerande stemmemottak. Informasjonsansvaret til valmyndigheitene inneber først og fremst å informere om regelverket og gi praktisk informasjon til alle veljarane.

Departementet samarbeidde med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) om å informere veljarar med innvandrarakgrunn. Det blei mellom anna produsert brosjyrar på ti framandspråk. Desse blei distribuerte via kommunar og organisasjonar. IMDi hjelte til med å spreie informasjon frå departementet, og fekk støtte til å gjennomføre valprosjektet «Mangfold og deltaking». Målet med prosjektet var å bidra til høgare valdeltaking blant grupper av innvandrarakgrunn og norskfødde med innvandrarakgrunn som har særleg låg valdeltaking.

Departementet etablerte ein eigen mobiltilpassa nettstad (www.valglokal.no) med kartfunksjon der veljarane kunne finne informasjon om nærmaste vallokale og opningstider.

Departementet sørjde for å produsere og sende ut valkort til alle veljarane på vegner av kommunane. I staden for å lage ein husstandsbrosjyre, slik som ved tidlegare val, nytta departementet høvet til å lage ein faldar der valkortet utgjorde éi side og resten inneheldt informasjon tilsvarende husstandsbrosjyren.

Departementet gjennomførte også andre tradisjonelle informasjonstiltak som informasjonsbrosjyre, nettkampanjar spesielt retta mot ungdom, ordinære kunngjeringsannonser i aviser, informasjon på tekst-tv og informasjonsfilm som var tilgjengeleg via www.valg.no og YouTube. Nokre av tiltaka var retta mot ungdom, veljarar med innvandrarakgrunn og veljarar med behov for tilrettelagd informasjon. Nettstaden www.valg.no var ein viktig kanal for valinformasjon. Her blei all informasjon frå departementet retta mot veljarane lagd ut. Også for veljarar i utlandet var dette ei viktig informasjonskjelde, saman med informasjon på nettsidene til utanriksstasjonane.

Ved valet i 2013 delte departementet ut tilskot på til saman 7 millionar kroner til 40 ulike organisasjonar som ville bidra til å auke kunnskapen om valet og/eller auke valdeltakinga. Delar av midlane var sette av til tiltak knytte til Stemmeretts-

jubileet 2013. Tilskotsordninga blir vidareført i 2015.

3.1.3 Tilgjengelegheit

Organisering av vallokale

Det er generelt god tilgjengelegheit for å stemme i Noreg. Veljarane kan gi stemme over ein lang periode. Ved valet i 2013 var det mogleg å tidlegstemme frå 1. juli. Den ordinære førehandsstemmeperioden varte frå 12. august til og med fredag 6. september. Det er kommunane som har ansvaret for å leggje til rette for ei god valg gjennomføring.

Av vallova følgjer det at førehandsstemmegiving skal haldast på helse- og sosialinstitusjonar, og elles der valstyret har bestemt at ein skal ta imot førehandsstemmer, jf. vallova § 8-3 (2). Det skal haldast førehandsstemmegiving minst éin dag ved alle institusjonane, sidan det ikkje er høve til å vedta at det berre skal haldast førehandsstemmegiving ved enkelte sosialinstitusjonar.

I vurderinga kommunane gjer av korleis dei organiserer vallokala sine, og kor store kretsar dei skal ha, skal det leggjast vekt på kor tilgjengelege og føremålstenlege lokala er. Det er vidare viktig at lokala er oversiktlege og legg til rette for hemeleg og korrekt stemmegiving. I evalueringa opplyser 10 prosent av kommunane at det i 2013 var mogleg å gi førehandsstemme i eller i tilknytning til kjøpesenter eller butikk i kommunen.

Kommunane blei også spurde om det var mogleg å gi førehandsstemme på eller i tilknytning til vidaregåande skolar. Av dei kommunane som har vidaregåande skolar, oppgir 34 prosent at dei hadde førehandsstemmegiving ved nokre eller alle dei vidaregåande skolane. Også 34 prosent av kommunane som oppgir å ha universitet eller høgskole, har brukt dette som lokale for førehandsstemmegiving. Nærleik til andre vallokale og erfaring med lite oppmøte er blant grunnane til at utdanningsinstitusjonar ikkje er vurderte som vallokale.

Over halvparten av kommunane oppgir at dei har hatt kveldsopne lokale i delar av førehandsstemmeperioden. 25 kommunar oppgir at dei hadde kveldsopne lokale heile den siste veka det var mogleg å førehandsstemme. Ein del kommunar oppgir at dei har hatt laurdagsopne førehandsstemmelokale.

Dei aller fleste av kommunane som ikkje hadde kveldsopne førehandsstemmelokale, oppgir som årsak at det ikkje har vore noko behov. Dei viser til tidlegare erfaringar med lite oppmøte, og dei viser også til at dei har prioritert å halde

ope på laurdag. Mangel på personell og kostnader er også nemnt som grunngeving for å ikkje ha kveldsopne lokale. Det er berre 10 kommunar som oppgir at kveldsopne lokale ikkje har vore vurdert.

196 kommunar hadde todagarsval i 2013.

Universell utforming

Vallova stiller krav om at stemmegivinga skal skje i eit eigna lokale som er lett tilgjengeleg, og der alle veljarane kan ta seg inn utan å måtte be om hjelp. Andre lokale skal berre nyttast dersom det ligg føre *særlege grunnar*, jf. vallova §§ 8-3 (1) og 9-3 (2).

Det skal også vere god tilgjengelegheit for alle veljarane inne i vallokalet, jf. valforskrifta §§ 26 og 30. For eksempel skal blinde og svaksynte kunne stemme utan å måtte be om hjelp. Dersom ein veljar har behov for hjelp til å gi stemme, kan veljararen be om hjelp frå ein valfunksjonær. Valfunksjonærane har teieplikt. Veljarar med alvorleg fysisk eller psykisk funksjonshemming kan i tillegg peike ut ein ekstra hjelpar – etter eige val – mellom dei som er til stades, jf. vallova §§ 8-4 (8) og 9-5 (5). For å beskytte veljarar mot utilbørleg press skal det alltid vere ein valfunksjonær til stades når ein veljar får hjelp ved stemmegivinga.

I tillegg må kommunane rette seg etter krava til tilgjengelegheit og universell utforming i diskriminerings- og tilgjengelegheitslova og plan- og bygningslova.

Høyringsnotatet

Departementet gjer i høyringsnotatet greie for kva tilbakemeldingar kommunane har gitt om tilgjengelegheit. 96,5 prosent av kommunane opplyste at dei i forkant av valet vurderte kor eigna og tilgjengelege vallokala var. Av desse behandla 39 prosent dette skriftleg i valstyret. Om lag 3 prosent av kommunane svarte at dei ikkje hadde vurdert i forkant av valet kor eigna og tilgjengelege vallokala var. Dette er omtrent på same nivå som i 2011.

96 prosent av kommunane svarte at alle dei faste førehandsstemmelokala i kommunen var tilgjengelege for alle veljargruppene. Tilsvarande svarte 85 prosent at alle lokala på valdagen var tilgjengelege. I 2009 svarte 63 prosent av kommunane at alle lokala var tilgjengelege. I 2011 var delen 79 prosent. Ein skilde den gongen ikkje mellom lokale som var nytta høvesvis ved førehandsstemmegivinga og på valdagen. Tala gir grunn til å tru at det har vore ein jamn auke i talet

på tilgjengelege vallokale dei siste åra. Mangel på eigna lokale er i hovudsak ført opp som årsak til at eitt eller fleire lokale ikkje tilfredsstiller krav til tilgjengelegheit.

Høyringsinstansane

To av høyringsinstansane har kommentarar til evalueringa departementet har gjort av kor tilgjengelege vallokala er.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet seier at det er positivt at talet på tilgjengelege vallokale har auka dei siste åra, og meiner at dette er svært viktig for likestilling og demokratiske rettar for personar med nedsett funksjonsevne.

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) uttaler at dei er svært lite tilfredse med ein situasjon med store kvalitetsforskjellar mellom norske kommunar ved gjennomføringa av val. Dei peiker på at det er mogleg med mellombels tilrettelegging av lokale i dei kommunane som har oppgitt mangel på eigna lokale som årsak til manglande tilrettelegging. FFO viser til ratifiseringa av FN-konvensjonen for menneske med nedsett funksjonsevne og skriv:

«Vi forventer derfor ved valget i 2015 at det er full tilgjengelighet for alle velgergrupper ved samtlige valglokaler i Norge.»

FFO peiker på at det avslutta forsøket med internettstemmegiving var til stor fordel for funksjonshemma og kronisk sjuke, mellom anna fordi det sikra hemmelege val også for synshemma veljarar. Organisasjonen ønskjer derfor at stemmegiving over Internett framleis skal vere eit tilbod for funksjonshemma og kronisk sjuke.

Ingen andre høyringsinstansar hadde merknader til dette med kor tilgjengelege vallokala er.

Departementet si vurdering

Departementet understrekar at det er svært viktig at kommunane sikrar god tilgjengelegheit for alle veljargrupper, slik at alle som ønskjer det, kan få stemme. Inntrykket frå evalueringa er at dei aller fleste kommunane har eit bevisst forhold til val av lokale til førehandsstemmegiving.

Dei aller fleste kommunane vurderer i forkant av valet kor eigna vallokala er. Tilbakemeldingane frå kommunane viser dessutan at talet på kommunar der alle vallokala er tilgjengelege for alle veljargruppene, har auka ved dei siste vala. Likevel vurderer departementet det slik at det er mogleg

å forbetre tilgjengelegheita endå meir, særleg ved lokala som blir nytta på valdagen. Departementet vil derfor også ved framtidige val vere oppteke av god tilgjengelegheit for alle, og målet er at alle vallokala skal vere lagde til rette for alle veljargruppene.

For å gjere det enklare for kommunane å leggje vallokala til rette, har departementet vore med på å utvikle og leggje til rette for sal av universelt utforma valutstyr. Løysinga gir ei heilskapleg, gjenkjenneleg, funksjonell og fysisk ramme rundt stemmegivinga, og ho sikrar mellom anna krava til informasjon, logistikk, produksjon, montering, vedlikehald og universell utforming.

3.1.4 Valgjennomføring og opplæring

Ny rolle og utvida ansvar for departementet

Departementet har utvikla valadministrasjonssystemet EVA, som skal bidra til effektiv og korrekt gjennomføring av val. Brukarar av systemet er departementet, fylkeskommunane og kommunane. Ved at systemet er eigd, forvalta og drifta av det offentlege, er det sikra full offentlig kontroll over alle steg i valprosessen. Dette systemet har ført til at departementet si rolle og ansvar for valgjennomføringa er utvida. Mellom anna lærer departementet alle kommunane og fylkeskommunane i landet korleis dei bruker systemet, og departementet utviklar rutinar, brukarretteleingar og brukarstøtte.

Ved stortingsvalet i 2013 ble administrasjonsdelen av EVA (EVA Admin) for første gong nytta i alle kommunane og fylkeskommunane i landet. Den maskinelle oppteljingsdelen av EVA (EVA Skanning) blei nytta i eit utval kommunar og alle fylkeskommunar. Det blei gjennomført forsøk med internettstemmegiving i 12 kommunar i 2013 (omtalt i kapittel 3.3.1).

Kommunikasjon med kommunane og fylkeskommunane

Kommunikasjon med kommunane og fylkeskommunane er ein viktig del av arbeidet departementet gjer for å leggje til rette for god gjennomføring av val. Dette har blitt endå viktigare med innføringa av EVA. For å ha ein god og effektiv kanal for kommunikasjon og samhandling utvikla departementet ein nettbasert informasjonsportal, «Valgmedarbeiderportalen». Portalen er basert på SharePoint-teknologi, og blei gjort tilgjengeleg for kommunane og fylkeskommunane i november 2012.

På valmedarbeidarportalen blei informasjon og dokument i samband med valet og valgjenningføringa publisert fortløpande. Det blei sendt ut e-postvarsel til dei ansvarlege i kommunane.

I evalueringa oppgir 99 prosent av kommunane og alle fylkeskommunane at dei har brukt valmedarbeidarportalen. Alle fylkeskommunane og 77 prosent av kommunane synest portalen er nyttig.

Rettleiing og brukarstøtte for kommunar og fylkeskommunar

Departementet har tradisjonelt hatt ei oppgåve knytt til å svare på førespurnader frå kommunar og fylkeskommunar om regelverksforståing. Med innføringa av EVA fekk departementet eit utvida ansvar for å svare på spørsmål om valadministrasjonssystemet og rutineane knytte til bruken av systemet.

For å gjere det enkelt for kommunar og fylkeskommunar og for å sikre ei heilskapleg tilnærming oppretta departementet ei felles brukarstøtte som skulle handtere alle typar førespurnader i valgjenningføringa på telefon eller via e-post. Brukarstøtta handterte førespurnader om EVA Admin, EVA Skanning, juridiske og valfaglege spørsmål, tekniske og driftsmessige spørsmål og spørsmål om rutineportal og valmedarbeidarportal. Førstelinja blei handtert av Brønnøysundregistra på oppdrag frå departementet, mens andre og tredje linje brukarstøtte var etablert hos departementet.

Av evalueringa går det fram at cirka 65 prosent av dei som svarte, er svært fornøgde med brukarstøtta og hadde god nytte av støtta. Ein del påpeiker at dei synest førstelinja kunne svare på for lite, og at dei ofte måtte setjast vidare for å få eit svar.

Departementet si vurdering

Den nye rolla som departementet har fått gjennom EVA, vil også ved framtidige val krevje ei god brukarstøtte. Departementet vil vidareføre ordninga med ei brukarstøtte som kan handtere alle førespurnader frå kommunar og fylkeskommunar gjennom valgjenningføringa. Det vil vere eit mål at brukarstøtta har systemfagleg og valfagleg kompetanse og god kapasitet. Departementet vil ta med seg erfaringane frå 2013 som grunnlag for vidare utvikling av brukarstøtta.

Valopplæring av kommunar og fylkeskommunar

Stortingets fullmaktskomité peiker i si innstilling på opplæring som eit viktig forbettringspunkt, og

trekkjer særleg fram at det er problematisk at det er så store kvalitetsforskjellar mellom kommunar og i enkelte tilfelle mellom stemmekretsar. Komiteen meiner dette indikerer at opplæringa av valfunksjonærane må bli endå betre, og at bevisstheita om konsekvensen av feil må bli større. Komiteen ber kommunane sørge for god bemaning og tilstrekkeleg opplæring av valfunksjonærane. Vidare ber komiteen departementet om å sørge for at kommunane har tilgang til god og tydeleg informasjon som er tilpassa dei ulike funksjonane til valmedarbeidarane, og at departementet særleg må vere tydeleg på endringar i regelverket.

Det er viktig å sikre korrekt og effektiv valavvikling i alle kommunane i landet i tråd med vallovgevinga. Departementet legg til rette for at kommunar og fylkeskommunar skal kunne gjennomføre god lokal opplæring av valmedarbeidarar. Dei enkelte kommunane er sjølv ansvarlege for å sørge for å lære opp valmedarbeidarane sine.

Departementet har eit overordna ansvar for korrekt valgjenningføring, og må sørge for at kommunane blir i stand til å gjennomføre val på ein god måte ved å bruke EVA og forstå regelverket og rutinar. Opplæringa frå departementet har omfatta to personar frå kvar kommune.

Det er kommunen sitt eige ansvar å ta imot den opplæringa som blir gitt, og å sørge for å gi opplæring vidare til valfunksjonærar på kommunalt nivå. Fylkeskommunen må sørge for at kommunane har fått opplæring i, eventuelt god informasjon om, lokale rutinar knytte til for eksempel overlevering og pakking av materiell.

Opplæringa frå departementet ved valet i 2013

For å sikre god og heilskapleg opplæring utarbeidde departementet eit opplæringsopplegg som omfatta regelverk, prosessar, rutinar og EVA. Opplæringa var eit tilbod til alle kommunane og fylkeskommunane i landet.

60 kommunale og fylkeskommunale valmedarbeidarar hjelpte departementet i opplæringa av dei sentrale valmedarbeidarane i kommunane og fylkeskommunane. Det blei gjennomført 37 regionale opplæringssamlingar våren 2013. Kommunar som skulle nytte EVA Skanning, fekk særskilt opplæring i skanning direkte frå personell frå departementet.

Høyringsnotatet

I høyringsnotatet viser departementet til at nær alle kommunane og fylkeskommunane i landet

oppgir at dei deltok på opplæringssamlingane til departementet for 2013. I tilbakemeldingane henta frå evalueringa av valet opplyste cirka 60 prosent av dei som svarte, at dei hadde svært god nytte av opplæringssamlingane. Fylkeskommunane gav varierende tilbakemelding om kor stor nytte dei hadde av samlingane, og ønskjer meir tilpassa opplæring ved neste val.

Departementet si vurdering

Det er viktig å sikre ei korrekt, rasjonell og effektiv valgjennomføring i alle kommunane i tråd med vallovgevinga. Gjennomføringa av opplæringsopplegget før valet i 2013 var ressurskrevjande både for departementet og for kommunane som medverka i opplæringa. Departementet skal arrangere opplæringssamlingar i 2015, og kjem i større grad til å halde opplæringa sjølv.

Basert på tilbakemeldingane i evalueringa vil departementet prøve å tilpasse opplæringa meir for fylkeskommunane slik at dei får betre nytte av opplæringssamlinga.

Departementet understrekar at kommunane har eit sjølvstendig ansvar for opplæring. Opplæring av valfunksjonærar og medarbeidarar i kommunane er framleis kommunane sitt ansvar. Departementet kjem også framover til å prioritere å tilby opplæring av sentrale valmedarbeidarar i kommunar og fylkeskommunar. Desse må igjen sørge for å lære opp eigne valmedarbeidarar i regelverk, rutinar og valsystem.

Systemleverandør til alle kommunane og fylkeskommunane i landet

Ved stortingsvalet i 2013 blei EVA Admin for første gong nytta av alle kommunane og fylkeskommunane i den administrative valgjennomføringa. Dei viktigaste modulane i EVA Admin omfattar ein modul for å leggje inn grunnlagsdata, behandling av listeforslag, manntalsløysing og registrering av stemmegivingar, ein oppteljingsmodul, ein modul for valoppgjør og kandidatføring og dessutan ein rapportmodul.

Systemet blei gjort tilgjengeleg for kommunane og fylkeskommunane 1. mars 2013.

Kommunane og fylkeskommunane er sjølv ansvarlege for å leggje inn grunnlagsdata i systemet. Dette er informasjon om den lokale valgjennomføringa som berre kommunane og fylkeskommunane har kunnskap om.

I forkant av valet gjennomførte departementet eit omfattande prøveval, der ytinga og funksjonaliteten til EVA Admin blei grundig testa. Dei fleste

kommunane og fylkeskommunane deltok i prøvevalet.

Oppteljingsdelen EVA Skanning blei nytta for første gong ved stortingsvalet i 2013.

Med bakgrunn i vurderinga av kapasiteten til departementet og risikoen med å ta i bruk eit nytt system blei det avgjort at berre kommunar som har meir enn 10 000 innbyggjarar med stemmerett fekk høve til å setje opp ein eigen oppteljingssentral med EVA Skanning for stortingsvalet 2013. Alle dei andre kommunane fekk høve til å telje maskinelt gjennom å inngå samarbeid i eit såkalla skannsenter med ein kommune eller fylkeskommune med tilgang til EVA Skanning. Alle fylkeskommunane fekk høve til å nytte EVA Skanning. Totalt brukte 107 kommunar og fylkeskommunar løysinga i 2013, inkludert alle fylkeskommunane.

Fordi EVA Skanning, i motsetnad til EVA Admin, krev fysisk installasjon hos den enkelte brukaren, valde departementet å inngå ein rammeavtale for sal eller utleige av skannarar og datautstyr og dessutan støttetenester knytte til skanninga. Kommunane og fylkeskommunane gjennomførte sjølv avrop mot avtalen.

Endeleg hovudversjon av EVA Skanning var tilgjengeleg som planlagt 1. august 2013.

Høyringsnotatet

I høyringsnotatet viste departementet til at kommunane var godt fornøgde med dei fleste delane i EVA. Departementet arbeider med å vidareutvikle og forbedre systemet, spesielt når det gjeld brukarvennlegheit, handtering av brukarar og roller i systemet og modulen for oppteljing og rapportering.

Tilbakemeldingane frå kommunane og fylkeskommunane som har nytta EVA Skanning, er gode. Evalueringa viser at 85 prosent av dei som svarte, har tillit til EVA Skanning.

Skanningleverandørane blir framheva som eit viktig supplement til departementet: både ved opplæring i samband med installasjon, og ved påfølgjande brukarstøtte. Bruk av skanningleverandørar var kostbart, men i stor grad meiner kommunane at det er verdt prisen.

Departementet si vurdering

Departementet er fornøgd med innføringa av EVA. Det er eit stort arbeid å rulle ut eit så omfattande system i alle kommunane på ein gong. Val er inga rutineoppgåve, og det blir derfor stilt store krav til brukarvennlegheit, opplæring, gode brukarretteleingar, rutinar og brukarstøtte. Departe-

mentet har fått verdifull erfaring frå valet i 2013, og vil ta med dette i det vidare arbeidet.

Gjennomføringa av stortingsvalet 2013 gav departementet erfaring med maskinell opteljing hos alle større kommunar og alle fylkeskommunar. Dette gjekk etter departementet si vurdering bra, og frå lokalvalet i 2015 kan alle kommunar og fylkeskommunar som ønskjer det, bruke EVA Skanning.

3.2 Ekstern evaluering

3.2.1 Innleiing

Stortingets fullmaktskomité uttalte i si innstilling at valadministrasjonssystemet EVA, inkludert opplæringsprogrammet, bør evaluerast eksternt. På oppdrag frå departementet har analyse- og rådgivingsbyrået Oslo Economics evaluert valg gjennomføringa i 2013 med særleg vekt på informasjon, opplæring og brukarstøtte knytt til EVA.

I evalueringsprosessen har byrået studert ei rekkje interne dokument frå departementet som inneheld analysar, rapportar og planar for arbeidet med EVA. Dei har også fått tilgang til rådata frå spørjeundersøkingane som departementet sende til ansvarlege i kommunar og fylkeskommunar. Departementet har dessutan vidareformidla utførelse statistikk over brukarstøtte når det gjeld bruk, responstid og tematikk. Dette er supplert med intervju med sentrale valmedarbeidarar i tolv kommunar og éin fylkeskommune i tillegg til enkelte medarbeidarar i departementet.

Evalueringa blei gjennomført i perioden oktober 2014–januar 2015. Oslo Economics understrekar at det ville vore ein fordel å gjennomføre evalueringa på eit tidlegare tidspunkt, slik at intervjuobjekta kunne hatt valg gjennomføringa friskare i minne.

Dei viktigaste funna frå evalueringa blir presenterte her, inkludert enkelte anbefalingar til forbetring i forkant av valet i 2015.

3.2.2 Informasjon

Det blir trekt fram at «Valgmedarbeiderportalen» blei oppfatta som nyttig av både kommunar og fylkeskommunar, utan nemneverdig variasjon mellom responsen frå små og store kommunar. Spørjeundersøkinga avdekkjer at det å søkje seg fram til riktig informasjon var den største utfordringa med portalen, samtidig som hovuddelen av kommunane svarer at dette ikkje var vanskeleg. Gjennom intervju og gjennomgang av kommentarar til spørjeundersøkinga blir det gitt mykje skryt til nytteverdien til portalen. Samtidig er det også gitt

nokre kritiske kommentarar til mengda informasjon og tidspunktet for når informasjonen har blitt publisert. Enkelte små kommunar meiner mengda informasjon er for stor, sidan dei fekk tilsendt mykje som blei oppfatta som irrelevant. Nokre få, store kommunar uttrykte at informasjonen rundt systemutfordringar kunne vore betre, fordi dei tidvis opplevde usikkerheit på grunn av systemfeil.

I tillegg til å få informasjon gjennom valmedarbeidarportalen, opplæring og brukarstøtte har fleire kommunar teke direkte kontakt med departementet. I intervju med kommunane opplyser fleire at dei har nytta seg av ein slik direkte dialog. Tilbakemeldingane er stort sett positive, men det blir mellom anna påpeikt at dialogen tidvis var for uformell, og at det i ein slik dialog fort kan bli utveksla informasjon som kan vere nyttig å gi til alle kommunane. I tillegg trekkjer nokre kommunar fram at dei har opplevd å få ulike svar avhengig av kven i departementet dei har snakka med.

3.2.3 Opplæring

Regionale opplæringssamlingar

Tilbakemeldingane i intervju med utvalde valansvarlege viser at erfaringa med dei regionale kompetanseteama var delte, og respondentane hadde inntrykk av at enkelte team var betre førebudde enn andre. Det blir likevel påpeikt at spørjeundersøkinga viser at regionane har ganske lik oppfatning av kor nyttige opplæringssamlingane var.

Kommunerepresentantane som er intervjuet, er generelt positive til samlingane, men uttrykkjer ønske om endå tryggare føredragshaldarar, færre deltakarar per kurs og meir praktisk øving på samlingane. I intervju trekkjer representantane fram at det er positivt med ein slik møtearena for kommunane i same område, der dei kommunale valansvarlege får oppretta kontakt og bygd nettverk der dei kan utveksle erfaringar undervegs i valførebuingsane. Det blei også sett på som nyttig at føredragshaldarane var valmedarbeidarar frå andre kommunar, sidan desse har ei god forståing av situasjonen i kommunane og kva utfordringar som kan oppstå i ein kommune under valet.

Tilbakemeldingane er tidvis varierte, sidan kommunane sine kommentarar til kursinnhald, teorimengde og talet på deltakarar per kommune kjem an på storleiken på kommunen og om den valansvarlege er ny eller erfaren med valg gjennomføring.

Det er anbefalt å ha ei eiga opplæringssamling for fylkeskommunar, grundigare opplæring av kompetanseteam, større vekt på pedagogikk hos

opplæringspersonellet og generelt større grad av differensiering mellom kommunane ut frå storleik og valerfaring.

Brukarretteiing for EVA

Fleirtalet av kommunane og fylkeskommunane oppgir at brukarretteiinga var nyttig eller svært nyttig, men at ho var svært seint ferdig. Retteiinga var likevel tilgjengeleg undervegs, slik at kommunane kunne bruke dei aktuelle kapitla på riktig tidspunkt. Evalueringa konkluderer med at departementet burde sett av større ressursar til å utarbeide retteiinga. Forseinkinga er også relatert til at sjølv systemet blei seint ferdig, sidan brukarretteiinga inneheldt skjermbilete frå EVA. Retteiinga blir oppfatta som eit nyttig verktøy, men bør vere ferdig tidlegare.

Skanning

Skanningopplæringa får varierte tilbakemeldingar. Mellom anna er det ønskeleg med ei tettare integrering av opplæringa i skanning og opplæringa i resten av EVA. Evalueringa trekkjer fram at halvparten av kommunane såg det som nødvendig å supplere skanningopplæringa frå departementet med opplæring frå skanningleverandøren. Det kan indikere at opplæringa var mangelfull. Evalueringa anbefalar å differensiere opplæringa meir, for eksempel med eit tilleggskurs til kommunar som vurderer seg som nybegynnarar. Det kan også vere nyttig å utarbeide eit e-læringsopplegg som kan brukast som oppfrisking fram til skannarane er sette opp i kommunane, og slik at dei ansvarlege kan drive praktisk trening.

Evaluering og anbefaling

Oslo Economics konkluderer med at opplæringa av kommunane i bruk av EVA samla sett har fungert svært godt. Både spørjeundersøkingar og intervju avdekkjer at kommunane opplever tiltaka som nyttige, sjølv om det blir trekt fram fleire forbetringspunkt. Evalueringa understrekar at kommunane oppfattar valrutineportalen og valhandboka som svært nyttige verktøy utan nemneverdige forbettringsområde.

3.2.4 Brukarstøtte

Førstelinja

I intervju med utvalde kommunar trekte dei fleste fram at førstelinjetenesta hos Brønnøysund-

registra kunne fungert betre. Kommunane påpeikte at dei fleste førespurnadene blei sette vidare til andrelinja, noko som blei oppfatta som unødig tungvint. Statistikken frå brukarstøtta viser at 70 prosent av telefonane som kom inn til førstelinja, blei sette vidare til andrelinja. Kommunane var derimot fornøgde med svara dei fekk i andrelinja, sjølv om eit par kommenterte at svara kunne vore meir konkrete.

Anbefaling

Evalueringa poengterer at departementet har løyst oppgåva med brukarstøtte på ein god måte. Området brukarstøtta skal dekkje, er svært omfattande og komplekst, samtidig som brukarstøtta berre er operativ ein bestemd periode. Evalueringa anbefalar å spesifisere kompetansen og ansvarsområdet til førstelinjetenesta tydelegare.

3.2.5 Samla vurdering

Oslo Economics konkluderer med at utrullinga av EVA samla sett var vellykka ved stortingsvalet i 2013, og at kommunar og fylkeskommunar i all hovudsak er tilfredse med både informasjon, opplæring og brukarstøtte.

«Det synes som om KMD har tatt oppgaven med å drifte og forvalte et felles nasjonalt valgssystem på en god måte. Planleggingen som ble gjennomført i forkant av 2013-valget var etter det vi har kunnet bringe på det rene av god kvalitet og stort sett på et riktig detaljnivå. De planlagte aktiviteter er i stor grad blitt gjennomført, samtidig som departementet har evnet å gjøre endringer og tilpasninger der hvor det har vært riktig og nødvendig.»

Oslo Economics påpeiker at ein snittscore på 4,85 på ein skala frå 1 til 6 på hovudspørsmåla i spørjeundersøkinga er ein god score. At kommunane som brukte EVA i 2011, gir høgare score enn andre kommunar, kan indikere at kommunane vil vere endå meir tilfredse ved valet i 2015, sidan dei då vil vere betre kjende med systemet.

Differensiering innanfor opplæringstilbodet blir trekt fram som eit av hovudpunkta for forbetring. Bruk av e-læring vil her vere nyttig, sidan kommunane sjølv kan velje å fordjupe seg i dei tema dei ønskjer meir informasjon om.

Sjølv om kommunane er fornøgde med funksjonaliteten i EVA, var det fleire som opplevde usikkerheit rundt nedetida til systemet og det svært seine tidspunktet for ferdigstilling. Departe-

mentet tok ein stor risiko på dette området. Fleire kommunar avdekte kort tid før valet viktige feil som dei meiner kunne fått kritiske følgjer for valgjennomføringa. Eit så viktig system må vere ferdigstilt og ferdigtesta i god tid før valet, og kommunane ønskjer ein lang periode med stabilt system i forkant av valgjennomføringa for å skape tryggleik. Sjølv om resultatet ved valet i 2013 var bra, bør departementet si tidslinje for testing og utrulling av EVA justerast for å minske risikoen for feil.

Evalueringa understrekar til slutt at det er viktig å gjennomføre grundige evalueringar også av seinare val, med ein kombinasjon av spørjeundersøkingar og intervju.

3.2.6 Departementet si vurdering

Den eksterne evalueringa gir nyttige innspel når departementet skal vurdere endringar i valarbeidet, særleg knytt til informasjon, opplæring og brukarstøtte. Departementet vil mellom anna differensiere opplæringa på ein slik måte at kommunar og fylkeskommunar får meir tilpassa opplæring. Departementet kjem til å følgje anbefalinga om å ferdigstille systemet og dokumentasjonen på eit tidlegare tidspunkt. Det skal gjennomførast mest mogleg realistiske øvingar i god tid, for å gjere kommunane trygge på at systemet fungerer.

Departementet vil også leggje til rette for at systemopplæringa i EVA Skanning blir meir integrert i den generelle opplæringa i oppteljing, både fagleg og praktisk ved gjennomføring på same tid og stad. Departementet vil etter valet i 2015 gjennomføre ei ekstern evaluering på eit tidlegare tidspunkt.

Brukarstøtteordninga blir vidareført med Brønnøysundregistra som førstelinje. Det vil bli gitt meir målretta opplæring av Brønnøysundregistra slik at dei blir sett i stand til å svare på fleire førespurnadar enn i 2013. Vidare blir det iverksett tiltak internt i departementet slik at kommunane får same type behandling uavhengig av kven som handterar førespurnaden.

3.3 Forsøk ved stortingsvalet 2013

3.3.1 Forsøk med internettstemmegiving

Ved stortingsvalet i 2013 blei det gjennomført forsøk med elektronisk stemmegiving via Internett i 12 kommunar. Kommunane som deltok i forsøket, var Hammerfest, Bodø, Vefsn, Ålesund, Bremanger, Radøy, Sandnes, Mandal, Larvik, Re, Fredrikstad og Tynset. Fredrikstad og Larvik kom til som nye forsøkskommunar i 2013, mens dei andre 10

kommunane hadde delteke i forsøk også i 2011. Forsøket auka dermed frå cirka 168 000 stemmeføre i 2011 til cirka 250 000 stemmeføre i 2013.

Det var mogleg å stemme via Internett gjennom heile førehandsstemmeperioden, frå 12. august til 6. september 2013. Alle med stemmerett i forsøkskommunane kunne gi eit uavgrensa tal internettstemmer, og dei kunne også stemme på papir. Ei papirstemme gitt i vallokalet, anten på førehand eller på valtinget, ville kansellere den eventuelle internettstemma til veljaren. Det var ikkje mogleg å stemme via Internett på valdagen.

Totalt valde 70 090 veljarar å gi den teljande stemma si via Internett. Det utgjør totalt 36 prosent av alle dei mottekne stemmene i forsøkskommunane. I forsøkskommunane stemte 47 prosent av veljarane på førehand, mens 30 prosent avla førehandsstemme i landet totalt sett.

Forsøket i 2013 er evaluert av Institutt for samfunnsforskning (ISF). Rapporten *Internettvalg – Hva gjør og mener velgerne?* er publisert på www.regjeringen.no.

Det har vore stor politisk ueinighet om forsøket med internettstemmegiving, og saka har vore diskutert i Stortinget ved fleire høve. Departementet meiner at forsøka har gitt nyttig informasjon og erfaringar, men vil ikkje vidareføre forsøk med internettstemmegiving.

3.3.2 Forsøk med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen og forenkla framgangsmåte for mottak av framande stemmer

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2011 blei det gjennomført forsøk med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen i kommunane Hammerfest, Bodø, Vefsn, Ålesund, Bremanger, Radøy, Sandnes, Mandal, Re og Tynset. I 2013 blei forsøket utvida med kommunane Oslo, Bergen, Trondheim, Fredrikstad og Larvik. Forenkla mottak av framande stemmer var også ein del av forsøket.

Forsøket med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen inneber at veljarane blir kryssa av i eit felles elektronisk manntal. Alle valkretsane i kommunen har til kvar tid tilgang til eit oppdatert manntal for kommunen. Ei slik løysing opnar for at veljarar som høyrer til andre valkretsar i kommunen, kan bli kryssa av i manntalet i det vallokalet der dei stemmer. Dei skal derfor ikkje lenger leggje stemmesetelen i ein stemmesetelkonvolutt og deretter i ein omslagskonvolutt saman med valkortet. I staden skal alle veljarane kryssast av direkte i manntalet, og skal sjølv leggje den stempla stemmesetelen i urna.

Føremålet med å innføre elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen er at dette effektiviserer valavviklinga på valdagen for veljarar og valfunksjonærar, i både vallokalet, oppteljinga og valoppgjeret. Eit anna viktig poeng er at elektronisk avkryssing i manntalet mest truleg reduserer talet på feilavkryssingar i manntalet. Dette gir eit unikt oppslag av den enkelte veljaren. Å fjerne konvolutten for veljarar som høyrer til andre valkretsar, fører til at veljarane opplever valhandlinga som einsarta, når gjennomføringa er lik uansett kva vallokale ein stemmer i. Det kjem også i møte enkelte reaksjonar frå veljarar på i kva grad stemmegivinga er hemmeleg når stemmesetelen blir lagd i ein stemmesetelkonvolutt som skal leggjast i ein omslagskonvolutt saman med valkortet.

Evaluering av forsøket

Etter forsøka i 2011 og 2013 opplyser forsøkskommunane at elektronisk avkryssing i manntalet og forenkla framgangsmåte for mottak av framandstemmer på valdagen effektiviserte gjennomføringa i vallokala, både for veljarane og for valfunksjonærane.

Kommunane som deltok for første gong i 2013, opplyser at det var eit tids- og ressurskrevjande forarbeid med mellom anna kontroll av nettilgangen i vallokala og anskaffing og utplassering av teknisk utstyr og annan infrastruktur. Rekrutteringa av valmedarbeidarar var også meir arbeidskrevjande enn tidlegare: Forsøket stilte krav til noko IKT-kompetanse, og alle funksjonærane måtte tildelast roller i systemet og kunne logge seg på via ID-porten. Forsøket var i tillegg kostbart. Trass dette seier kommunane at forarbeidet og meirkostnadene var verdt innsatsen, sidan gjennomføringa på valdagen var effektivisert og valresultatet raskare ferdig. Dei tekniske løysingane fungerte godt i forsøka, og det blei motteke svært få stemmer i beredskapsomslag.

Departementet vil med bakgrunn i dette videreføre forsøket, samt invitere ytterlegare 15 av dei største kommunane til å delta i eit nytt forsøk i 2015.

Høyringsinstansane

Levanger kommune stiller seg positive til den effektiviseringa og forenklinga av arbeidet som elektronisk avkryssing medfører. Dei meiner likevel at det er beklageleg at ikkje alle kommunane

får høve til å vere med i forsøket med elektronisk avkryssing i 2015.

Lunner kommune meiner at departementet vil få best mogleg grunnlag for å vurdere korleis kommunane handterer elektronisk avkryssing, ved å la fleire mindre kommunar delta i forsøket. Mindre kommunar er meir representative for korleis kommunane i Noreg vil handtere ordninga.

Lenvik kommune ber om at forsøket med elektronisk avkryssing i manntal blir innført som ei fast ordning frå og med valet i 2017.

Departementet si vurdering

Departementet ser på forsøka som blei gjennomførte i 2011 og 2013, som vellykka. Men departementet vurderer det slik at det er behov for meir forsøksverksemd før elektronisk avkryssing i manntalet og endra framgangsmåte for mottak av framande stemmer på valdagen eventuelt kan innførast som ei permanent ordning.

Bakgrunnen for at det er ønskeleg med fleire forsøk, er mellom anna å få erfaring over tid, særleg frå dei kommunane som har flest framande stemmer. Det er der effektiviseringspotensialet er størst. Oslo, Bergen og Trondheim har gjort betydelege investeringar i infrastruktur, og det er ønskeleg å sjå om desse investeringane vil føre til innsparingar ved lokalvalet i 2015.

Det er behov for meir kunnskap om kva krav det er føremålstenleg å stille til kommunane ved full innføring. Det gjeld spesielt risikovurderinga og risikoreduserande tiltak. Evalueringar som er gjorde dei siste åra, viser at kommunane i liten grad gjer risikovurderingar og har beredskapsplaner for val, også når det gjeld innføring av nye rutinar.

I vidareføringa blei ytterlegare 15 kommunar inviterte til å delta i forsøket ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2015. 12 av desse takka ja til å delta, slik at forsøket vil omfatte totalt 27 kommunar. Departementet inviterte dei kommunane som hadde flest stemmeføre ved sist lokalval, sidan desse kommunane vonleg har størst effektiviseringspotensial gjennom ei slik ordning. Kommunane må sjølv dekkje dei eventuelle kostnadene som deltakinga i forsøket fører med seg.

Forsøket i 2015 skal evaluerast særskilt. Der som dette skal innførast som ei permanent ordning, vil departementet leggje det fram for Stortinget i ein lovproposisjon før stortingsvalet i 2017.

3.4 Sametingsvalet

3.4.1 Gjeldande rett

Gjennomføringa av sametingsval er regulert av forskrift om val til Sametinget, som er gitt i medhald av samelova. Ansvar for regelverket ligg hos Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Valadministrasjonssystemet EVA blei nytta ved gjennomføringa av sametingsvalet, og det var ein del av valopplæringa til departementet.

Stemmegivinga i kommunar med 30 eller fleire personar i valmanntalet til Sametinget blir halden på same stad og til same tid som stemmegivinga til stortingsvalet, jf. § 47 (1) i forskrift om val til Sametinget. I kommunar med mindre enn 30 manntalsførte i Sametingets valmanntal, er det berre høve til å gi førehandsstemme til sametingsvalet, jf. samelova § 2-3. Førehandsstemmegivingane skal fortløpande sendast til samevalstyret i kommunen der veljaren er manntalsført, eller til oppteljingsvalstyret i kretsen dersom veljaren er manntalsført i ein kommune med færre enn 30 manntalsførte.

3.4.2 Valdeltaking

Valdeltakinga ved sametingsvalet i 2013 var på 66,9 prosent. Det er ein nedgang på 2,4 prosentpoeng samanlikna med 2009, og 5,7 prosentpoeng lågare enn i 2005. Valdeltakinga ved sametingsvalet i 2013 var om lag 11 prosentpoeng lågare enn ved stortingsvalet. Totalt blei det gitt 10 040 godkjende stemmegivingar til sametingsvalet. Resultata frå valet viser store variasjonar i valdeltakinga i dei ulike valkretsane. Det var høgast valdeltaking i dei to nordlegaste valkretsane, Årvøværri valkrets med 74,3 prosent og Østre valkrets med 74,2 prosent. Lågast var valdeltakinga i Sør-Noreg valkrets med 56 prosent. Dette var likevel ein auke på 1,7 prosentpoeng samanlikna med 2009.

3.4.3 Evaluering

Departementet har ikkje evaluert sametingsvalet for seg. Sametinget har sjølv evaluert sametingsvalet i 2013.

4 Internasjonal valobservasjon

4.1 Observasjon av stortingsvalet 2013

Vallova fekk i 2009 ei ny føresegn om valobservasjon (§ 15-10). Føresegna forpliktar kommunane til å ta imot og leggje til rette for akkrediterte

valobservatørar. Departementet har sidan dette teke imot valobservatørar ved kvart val. Valobservasjon bidreg til å oppretthalde tilliten til valgjenomføringa, og departementet ser på det som nyttig å få innspel på vår eiga valordning og valgjenomføring.

Departementet inviterte både Organisasjonen for sikkerheit og samarbeid i Europa (OSSE) og Cartersenteret til å observere stortingsvalet i 2013. OSSE såg spesielt på endringar i regelverket, det nye elektroniske valadministrasjonssystemet EVA og forsøket med internettstemmegiving. Cartersenteret var spesielt invitert for å observere internettstemmegivinga. Sidan forsøket med internettstemmegiving ikkje skal vidareførast, blir ikkje rapporten omtalt her.

OSSE sende først ein behovsvurderingsdelegasjon til Noreg 4.–6. juni 2013. Basert på anbefalingar etter dette besøket sende OSSEs kontor for demokrati og menneskerettar (ODIHR) ein delegasjon som gjennomførte ein Election Assessment Mission (EAM) ved stortingsvalet. EAM er ein avgrensa valobservasjon som typisk blir utført i land med lange demokratiske tradisjonar, og er den same typen observasjon som blei utført ved stortingsvalet i 2009. Delegasjonen bestod av fire ekspertar frå OSSEs medlemsland. Valobservatørane møtte mellom anna fleire sentrale aktørar i valgjenomføringa, og besøkte vallokale i eit utval kommunar under førehandsstemmegivinga og på valdagen. Delegasjonen leverte ein EAM-rapport med tilbakemeldingar rundt valorganiseringa i Noreg. Departementet er taknemlege for at OSSE valde å gjennomføre valobservasjon i Noreg også i 2013.

I tillegg til observatørar frå OSSE akkrediterte departementet til saman 140 internasjonale valobservatørar. Valobservatørane reiste rundt i Noreg og besøkte vallokale både i førehandsstemmeperioden og på valdagen. I forkant av dette arrangerte departementet eit seminar der observatørane blei informerte om det norske valsystemet. Deltakarar frå 17 ulike nasjonalitetar var representerte her.

4.2 Rapport frå OSSE om stortingsvalet 2013

OSSE offentleggjorde sin EAM-rapport frå stortingsvalet 2013 den 13. januar 2014. OSSE konkluderer slik i rapporten:

«Valget hadde en høy grad av tillit både blant politiske deltakere og offentligheten generelt. Lovgivningen gir et solid grunnlag for å gjennomføre demokratiske valg. Gjennomføringen av valget var profesjonelt og effektivt, og hadde

høy tillit blant interessegrupper. Valgmyndigheten fortsetter å gradvis modernisere valgprosessen, blant annet gjennom ulike pilotprosjekter.»

OSSE trekkjer også fram at dei norske vala er prega av ein omfattande stemmeperiode som gir veljarane god moglegheit til å avleggje stemme. Rapporten inneheld 16 oppmodingar der OSSE ber departementet om å vurdere regel- og rutineendringar. Fem av desse er kategoriserte som hovudoppmodingar.

Oppmodingane som gjeld internettstemmegiving, blir ikkje kommenterte her sidan forsøket er avslutta. Tilbakemeldinga inngår som ein del av erfaringane frå forsøket. Oppmodingar som gjeld regelverket om politiske parti og valkampfinansiering, blir heller ikkje kommenterte her.

Departementet har som i 2009 svart på tilbakemeldingane frå OSSE i ein rapport. I rapporten gir departementet tilbakemelding om anbefalingane til OSSE og gjer greie for kva planar som er lagde for å følgje opp anbefalingane. Dette kapitlet inneheld ei oversikt over OSSEs oppmodingar og departementet sine kommentarar til dei ulike problemstillingane.

4.2.1 Plikta å stille til val

OSSE meiner at det er grunn til å gå gjennom den pålagde plikta innbyggjarane har til å godta nominasjon til partilister, for å sikre at plikta stemmer overeins med OSSEs forpliktingar og internasjonale standardar. OSSE tok opp denne problemstillinga også i rapporten etter valet i 2009, noko som førte til at regelen blei endra for lokalval.

Departementet si vurdering

Plikta å stille til val dersom ein er sett opp på ei liste, er omstridd. Ved kvart val opplever personar å bli oppførte på ei liste mot sin vilje. Det kan oppfattast som urimeleg eller ubehageleg, spesielt viss det fører til at ein blir assosiert med politiske standpunkt ein ikkje er einig i. Reelt må personen melde seg inn i eit anna parti for å unngå dette, noko som strir mot organisasjonsfridommen. Det er vanskeleg å forsvare ei slik ordning, og reglane ved lokalval blei derfor endra slik at ein kan levere ei skriftleg erklæring til valmyndigheitene om at ein ikkje ønskjer å stå på den aktuelle lista.

Ei tilsvarande endring for stortingsval krev ei endring i Grunnlova § 63, og det er førebels ikkje blitt fremja forslag om dette i Stortinget. Departementet ser at det er uheldig å ha ulikt regelsett på

området, sidan omsyna bak regelendringa for lokalval er like for stortingsval. Departementet meiner derfor at regelen også bør endrast når det gjeld stortingsval.

4.2.2 Klageordninga

OSSE anbefaler at det bør vurderast å la ein kompetent domstol behandle alle valrelaterte ankesaker. Dette blei også anbefalt i rapporten etter valet i 2009, men det blei ikkje gjort nokon endringar på dette området i etterkant.

Departementet si vurdering

Riksvalstyret er klageinstans ved stortingsval, med unntak av klagar om stemmerett og retten til å gi stemme, der Stortinget avgjer klagane. Riksvalstyret skal uttale seg om klagar som Stortinget skal avgjere. Ved stortingsval er det Stortinget sjølv som godkjenner valet, og som påbyr omval dersom valet blir kjent ugyldig. Kommunal- og moderniseringsdepartementet er sekretariat for riksvalstyret og førebur klagesakene. Ved kommunestyreval og fylkestingsval er departementet klageinstans. Vedtaka departementet gjer i klagesakene er endelege og kan ikkje førast inn for domstolane til overprøving.

Etter stortingsvalet i 2009 bad departementet Venezia-kommisjonen om å greie ut det norske regelverket for klage og godkjenning av val og forholdet til internasjonale forpliktingar. I ei felles fråsegn frå Venezia-kommisjonen og OSSE blei det konkludert med at Noreg bør inkludere domstolane eller eit domstolsliknande organ ved tvisteløysing i valrelaterte saker for å oppfylle internasjonale standardar og krav, og at det bør innførast tidsfristar for kva tid avgjerder i klagesaker skal ligge føre. Vidare er det anbefalt at domstolane eller eit anna uavhengig organ med rettsleg myndigheit skal gjere den endelege godkjenninga av vala.

Departementet vil med bakgrunn i dette vurdere nærmare problemstillinga knytt til klagar og godkjenning av val.

4.2.3 Moglegheita listekandidatar har til å sitje i valstyret

OSSE anbefaler å vurdere ei endring av vallova for å hindre listekandidatar frå å ha stillingar i valadministrasjonen, altså verken i stemmestyra eller i valstyra. Bakgrunnen for dette er ifølgje OSSE å forhindre faktiske eller opplevde interessekonflikatar. Ei liknande oppmoding blei fremja i rapporten etter valet i 2009.

Departementet si vurdering

Departementet er einig i at det er prinsipielt uheldig at kandidatar som sjølve stiller til val, har direkte kontakt med veljarane i stemmesituasjonen. Det er derimot viktig å ikkje setje fleire avgrensingar enn nødvendig. Eit grunnleggjande prinsipp er at færrest mogleg skal vere utelukka frå val til folkevalde organ. Departementet skil her derfor mellom valbarheit til høvesvis valstyre og stemmestyre. Vallova blei endra etter OSSEs oppmodingar i 2009, og listekandidatar kan ikkje lenger sitje i stemmestyre eller vere valfunksjonærar i vallokala.

Departementet vurderte også om lovendinga i tillegg skulle gjelde valstyre, og konkluderte med at det ikkje er nokon grunn til å avgrense moglegheita listekandidatar har til å sitje i valstyre. Valstyret er eit fast utval som kommunestyra og fylkestinga vel, der medlemmane må vere representantar eller vararepresentantar i kommunestyret eller fylkestinget. Møta er opne og planlagde, og det ligg føre offentleg tilgjengelege saksdokument og protokollar. Medlemmane i valstyret har ikkje direkte kontakt med veljarane i valhandlinga, slik medlemmane av stemmestyret har, og samansetjinga er tverrpolitisk. Departementet held fast på denne vurderinga av å tillate listekandidatar å sitje i valstyre, og vil ikkje følgje opp oppmodinga frå OSSE på dette punktet.

4.2.4 Retten individet har til å stille til val

OSSE meiner valordninga bør endrast for å opne for at uavhengige kandidatar kan stille til val, det vil seie uavhengig av eit parti eller ei anna gruppering og uavhengig av kravet til talet på kandidatar på lista. Ein person skal såleis ha høve til å få godkjent ei liste med berre seg sjølv som kandidat.

Departementet si vurdering

Den reelle terskelen for å stille til val i Noreg er låg. Enkeltpersonar treng ikkje vere tilknytte verken eit politisk parti eller ein organisasjon for å stille liste til val. Krava er at lista må ha tilstrekkeleg dokumenterbar støtte i form av signaturar, eventuelt stemmer ved sist val, og må innehalde like mange namn som det er mandat i det aktuelle fylket. Departementet viser til at listesystemet er eit grunnleggjande og velfungerande element i demokratiet vårt, og ser ikkje grunn til å endre på desse reglane.

4.2.5 Om EVA

OSSE oppmodar om at elektroniske system blir testa i god tid før valdagen for å unngå moglege feil og forseinkingar. Dei anbefaler også at myndigheitene kan regulere det elektroniske valadministrasjonssystemet meir detaljert gjennom meir omfattande retningslinjer, for å sikre at alle aspekta blir tekne hand om.

Departementet si vurdering

Implementeringa av EVA i alle kommunar og fylkeskommunar ved stortingsvalet i 2013 var eit svært omfattande arbeid som gav departementet ei ny og krevjande rolle i valgjennomføringa. Utvikling av god funksjonalitet blei prioritert, noko som førte til at systemet ikkje blei testa i god nok tid før det blei teke i bruk. Tidlegare og meir omfattande testing av elektroniske system var eit punkt som også blei trekt fram av kommunane i spørjeundersøkinga som blei sendt i etterkant av valet i 2013. Departementet er derfor i gang med å følgje opp denne oppmodinga. Departementet understrekar at systemet fungerte godt under valet i 2013, men programoppdateringar og feilrettingar kunne vore testa tidlegare før utrullinga til kommunar og fylkeskommunar. Departementet har sett i verk eit nytt testopplegg for EVA slik at all programvare er grundig testa før implementering i systemet. Gjennomføring av testane har høg prioritet i valførebuvingane.

Departementet tilbyr omfattande opplæring i bruk av EVA til alle kommunar og fylkeskommunar. Det ligg også føre oppdaterte detaljerte brukarretteiingar på alle delar av EVA, og departementet har eit stort brukarstøtteapparat tilgjengeleg for kommunane. Ein arbeider kontinuerleg med forbetring på dette området.

Oppmodinga frå OSSE blir også følgt opp i det vidare arbeidet med EVA.

4.2.6 Oppteljing og publisering av valresultat

OSSE anbefaler at valmyndigheitene bør vurdere å offentleggjere valresultata for kvart enkelt vallokale for å styrkje openheita og innsynet endå meir.

Departementet si vurdering

Det er i dag berre dei fire største kommunane som offentleggjer oppteljingsresultat frå valtinget per valkrets. Både veljarane og media ønskjer at resultata per valkrets skal offentleggjerast i fleire kommunar.

Etter regelendringa i forkant av valet i 2013 blei det ikkje lenger mogleg å få resultat per valkrets i førehandsstemmegivinga. Alle veljarane kunne leggje setelen direkte i urna i ein valfri valkrets i kommunen. Det førte til at stemmesetlane ikkje lenger kunne sorterast på krets. Med den noverande rutinen er det altså ikkje mogleg med kretsvis resultat for førehandsstemmegivinga, noko som mellom andre *Høgre* i si høyringsfråsegn påpeiker er uheldig.

Frå og med valet i 2015 er det departementet som har ansvar for valresultatrapporteringa. Som ein del av dette oppdraget er det vurdert å offentliggjere valresultat kretsvis for fleire kommunar. Det er kommunane sjølve som avgjer om stemmene skal teljast opp kretsvis eller for kommunen samla. Departementet vil leggje til rette for at alle kommunar som har kretsvis oppteljingar, kan få oppteljinga offentleggjort på valresultatsida til departementet. Oppmodinga blir altså teken til følge for kommunar som på valtinget har kretsvis valresultat.

5 Lovendringsforslag

5.1 Ansvar for valkort

5.1.1 Gjeldande rett

Valstyret skal sørge for at det blir sendt ut valkort til alle som har stemmerett, er innført i manntalet i kommunen og har bustadadresse innanriks (unnta Svalbard og Jan Mayen), jf. vallova § 2-3 (3).

Departementet har i vallova § 2-9 bokstav c heimel til å gi forskrift om produksjon, utforming, utsending og bruk av valkort. Krava er fastsette i valforskrifta kapittel 5.

Valforskrifta § 22 (1) set fast at det er manntalet per 10. juli som skal leggjast til grunn for produksjonen av valkorta. Valkorta skal vere veljarane i hende innan den ordinære førehandsstemmegivinga startar, jf. valforskrifta § 22 (2). Det vil seie at valkorta må vere framme før førehandsstemmegivinga startar 10. august.

Dersom ein veljar gir ei førehandsstemme som skal leggjast i ein stemmesetelkonvolutt og ikkje har med seg valkort, skal stemmemottakaren innanriks (unnta Svalbard og Jan Mayen) skrive ut valkort til veljaren, jf. valforskrifta § 22 (3). Ved tidlegstemmegivinga har veljaren normalt ikkje motteke valkort, og valkortet må skrivast ut når det blir gitt ei slik stemme. Valkortet skal fyllast ut slik at det er mogleg å eintydig identifisere veljaren ut frå opplysningane på valkortet, jf. valforskrifta § 22 (4).

Utforming av valkort er regulert av valforskrifta § 23. På valkortet skal desse opplysningane komme fram: kva val og år det gjeld for, namnet, adressa og fødselsåret til veljaren, namn og adresse til valstyret i den kommunen der veljaren er manntalsført, krets, rode, side, linje, manntalsnummer og kommunenummer, adresse og opningstid til vallokalet på valdagen(-ane) og felt der stemmemottakaren kan føre på tid og stad for stemmegivinga og dessutan signere for stemmemottaket. I tillegg skal det komme fram opplysning om at veljaren må vise legitimasjon for å gi førehandsstemme. Valstyret har også høve til å påføre valkortet annan lokal informasjon.

Valkorta har ulike funksjonar. «Identifisering» av veljaren og framsending til rett valstyre var utgangspunktet for ordninga med valkort. Valkortet er ei viktig informasjonskjelde for veljaren, og er ei stadfesting til veljaren om at han eller ho er innført i manntalet og har stemmerett i kommunen.

Valkortet har informasjon om kvar i manntalet namnet på veljaren står. Dette hjelper stemmemottakaren med å raskt finne veljaren i manntalet, og bidreg til å sikre at avkryssing i manntalet skjer ved rett namn. Valkortet har påtrykt adresse til valstyret i den kommunen der veljaren har stemmerett og stemmegivinga skal behandlast. Dermed kan stemmegivinga lett vidaresendast når veljaren har stemt i ein annan kommune. Vidare er det påtrykt informasjon som fortel valstyret kven veljaren er når stemmegivinga skal godkjennast og det skal setjast kryss i manntalet.

5.1.2 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet føreslo departementet å gjere endringar i ansvarsforholdet rundt produksjon og utsending av valkort. Departementet føreslo å overføre ansvaret for produksjon og utsending av valkort frå kommunane til departementet. Vidare blei det føreslått å endre forskriftsheimelen slik at departementet kan gi forskrift om pliktene til valstyret i samband med produksjon og utsending av valkort.

Ansvarsfordeling

I høyringsnotatet viste departementet til at ordninga med obligatorisk valkort ved førehandsstemmegivinga blei innført då Posten fekk ansvar for førehandsstemmemottak i 1997. Ansvaret for produksjon og utsending av valkort blei då lagt til departementet. Då ordninga med førehandsstemmegiving på Posten blei lagd ned, blei ansvaret for

førehandsstemmegivinga tilbakeført til kommunane. Kommunane tok samtidig over ansvaret for produksjon og utsending av valkort.

Departementet viste til at grunnen til at ansvaret for produksjon og utsending av valkort blei lagt til valstyret, er at det er kommunane som sit på opplysningane som skal førast på valkortet (tid og stad for stemmegiving, manntalsnummer osv.). Kommunane har i tillegg høve til å påføre valkortet annan lokal informasjon (ut over eit visst minimum). Det har derfor blitt sett på som mest praktisk at kommunane som sjølv sit med alle dei nødvendige opplysningane, også har ansvaret for å sende ut valkort.

Etter innføringa av valadministrasjonssystemet EVA legg kommunane sjølve inn korrekte grunnlagsdata i systemet. Via EVA har departementet no direkte tilgang til dei opplysningane kommunane legg inn. Departementet peikte på at den enkelte kommunen sjølv er ansvarleg for å fylle inn data som valkortet skal ha, slik som adresser og opningstider på vallokale. Ved valet i 2013 var det departementet som sørge for bestilling, trykking og distribusjon av valkort på vegner av kommunane. Kommunane måtte samtykkje i at departementet stod for utsendinga, og dekte sjølve kostnadene knytte til trykking og porto.

Departementet peika på at produksjon og utsending av valkort har nær samanheng med utarbeiding av manntalet, sidan valkorta blir laga på bakgrunn av manntalet. Det er departementet som er ansvarleg for at manntalet blir oppretta og oppdatert på grunnlag av opplysningar frå folkeregistermyndigheita. Departementet meinte at dette taler for at departementet også får ansvar for produksjon og utsending av valkort.

Departementet trekte fram at ei overføring av ansvar for produksjon og utsending av valkort vil vere prissparande for kommunane og innebere ei forenkling. Det vil også sikre at alle veljarane får den same minimumsinformasjonen. Departementet føreslo at kostnadene til trykking og distribusjon av valkort blir dekte via valløyvinga.

I høyringsnotatet skreiv departementet at ein vil vurdere om postadressene til veljarane kan brukast på valkortet i staden for bustadadressene. Departementet vil også vurdere om det er mogleg at veljarane kan få valkorta elektronisk i tillegg til på papir.

Forskriftsheimelen

Departementet har med heimel i vallova § 2-9 bokstav c myndigheit til å fastsetje forskrifter om produksjon, utforming, utsending og bruk av valkort.

I høyringsnotatet føreslo departementet å endre denne forskriftsheimelen noko.

Når statleg myndigheit tek over ansvaret for valkorta, må forskriftsheimelen utvidast til å omfatte myndigheita departementet har til å gi nærmare føresegnar om pliktene til valstyret i samband med produksjon og utsending av valkort. Departementet viste til at sjølv om statleg myndigheit tek over ansvaret for valkort, er ein framleis avhengig av at kommunane gir departementet dei data valkortet skal innehalde. Departementet føreslo derfor å fastsetje i forskrift at valstyret pliktar å gi departementet opplysningar om namnet på, adressa til og opningstidene i vallokala på valdagen(-ane), og dessutan opplysningar om manntalet i kommunen, som for eksempel rodeinndeling. Valstyret pliktar å opplyse om dette på den måten og innan den fristen som departementet fastset. I praksis registrerer kommunane desse opplysningane i EVA.

5.1.3 Høyringsinstansane

Av dei som har uttalt seg om ansvaret for valkort, er alle positive til forslaget frå departementet, med unntak av éin kommune. Høyringsinstansane sluttar seg til departementet si vurdering om å overføre ansvaret for produksjon og utsending av valkort frå kommunane til departementet. Dei sluttar seg også til å utvide forskriftsheimelen om valkort til å omfatte departementet si myndigheit til å gi nærmare føresegnar om pliktene til valstyret i samband med produksjonen og utsendinga. Det blir mellom anna påpeikt at dette bidreg til å sikre ein felles standard for heile landet.

Lenvik kommune er den einaste kommunen som ikkje støttar forslaget frå departementet. Kommunen har denne kommentaren:

«Lenvik kommune støtter ikke forslaget om at ansvaret for utsending av valkort overføres til departementet. Som alternativ bes det om at det utredes regionale løsninger i tråd med tidligere forslag om etablering av regionale valgenheter.»

Éin fylkeskommune har uttalt seg om departementet sitt lovforslag om valkort. *Oppland fylkeskommune* skriv:

«Oppland fylkeskommune mener det er riktig at det er departementet som overtar ansvaret for produksjon og utsendelse av valkortene. Dette sparer kommunene for mye arbeid. Det må imidlertid stilles krav til at opplysningene i

EVA, som skal framkomme på valkortet, er kvalitetssikret og riktige. I henhold til tilbakemeldinger vi har mottatt, kom mange valkort ved stortingsvalget 2013 i retur; blant annet på grunn av at mottaker hadde postboksadresse.»

Fleire kommunar uttaler særskilt at dei støttar forslaget. Blant desse er kommunane *Bærum, Hammerfest, Meland, Sandnes, Mandal, Bergen, Asker og Radøy. Lillesand kommune* skriv at dei var svært fornøgde med prøveordninga ved stortingsvalet i 2013, der Kommunal- og moderniseringsdepartement stod for produksjonen og utsendinga av valkorta.

Ålesund kommune skriv:

«Valgstyret er svært glad for at departementet tar ansvaret for produksjon og utsending av valkort. Dette sikrer en felles standard for hele landet. De spesielle opplysningene for den enkelte kommune blir henta direkte ut fra EVA slik kommunene har registrert dem. Ved statlig ansvar slipper kommunene å gjennomføre omfattende anbudsprosesser for trykking og utsending av valgkortene»

Fleire høyringsinstansar kommenterer at dei er positive til å bruke elektronisk valkort og bruk av postadresser i staden for bustadadresser. *Tana kommune* anbefaler at valkorta også blir tilgjengelege elektronisk for dei enkelte veljarane. Det vil vere eit viktig tillegg til dagens utsending av valkort via post. *Bærum kommune* støttar at valkorta blir gjorde tilgjengelege både på papir og elektronisk.

Bremanger kommune skriv:

«Elektroniske valkort kan nyttast om utstyr for lesing av valkort, og eventuelt strekkodar på smarttelefonar, er tilgjengeleg.»

Valgforum har komme med denne fråsegna:

«Ved valget i 2013 ble valgkortene sendt til velgerens bostedsadresse, og erfaringen i mange kommuner var at mange velgere ikke mottok valkort, som følge av at de mottar posten på boligadressen, men benytter postboks. Det anbefales at valgkortene sendes til velgerens postadresse.

Departementet vurderer om velgeren skal få valkort elektronisk i tillegg på papir, eventuelt bare elektronisk for dem som er registrert i digitalt kontaktregister. Det anbefales at det i første omgang velges en løsning hvor vel-

ger får valkort elektronisk i tillegg til på papir. Valgkortene forenkler stemmemottaket i valglokalene. For kommuner som har elektronisk avkryssing i manntallet, vil det være vesentlig at en enkelt kan skanne et elektronisk valkort.»

Posten Norge peiker på generelt grunnlag på at bruk av postadresser kan vere å føretrekkje framfor bustadadresser sidan det kan vere med å sikre korrekt utlevering av valkort og redusere omfanget av retur på grunn av feil adresse. Vidare skriv *Posten* at dei er positive til digital distribusjon av valkort.

Kommunesektorens organisasjon (KS) uttaler seg om det foreslåtte uttrekket frå rammetilskotet til kommunane. KS kommenterer mellom anna at trekket er basert aleine på erfaringane frå valet i 2013, og dei ber departementet om å vente med eit uttrekk til ein har betre erfaringstal, for eksempel etter valet i 2015.

5.1.4 Departementet si vurdering og forslag

Fleirtalet av høyringsinstansane støttar forslaget frå departementet om å overføre ansvaret for produksjon og utsending av valkort frå kommunane til departementet. Fleirtalet støttar også forslaget om å utvide forskriftsheimelen om valkort til å omfatte departementet si myndigheit til å gi nærmare føresegner om pliktene til valstyret i samband med produksjonen og utsendinga. Departementet får støtte for sitt syn på at statleg ansvar for valkort bidreg til å sikre ein felles standard for heile landet.

Departementet meiner at statleg ansvar for valkort vil vere prissparande for kommunane, og dessutan innebære ei forenkling. Det vil også sikre at alle veljarane får same minimumsinformasjon. Ved bruk av valadministrasjonssystemet EVA får departementet no direkte tilgang til dei grunnlagsdata som kommunane sjølve legg inn i systemet.

Departementet har i dag ansvar for at manntalet blir oppretta og oppdatert på grunnlag av opplysningar frå folkeregistermyndigheita. Valkorta blir laga på bakgrunn av manntalet. Sidan produksjon og utsending av valkort har nær samanheng med utarbeiding av manntalet, meiner departementet at dette taler for at statleg myndigheit også får ansvar for produksjon og utsending av valkort.

Departementet meiner derfor at tida no er moden for at departementet tek over ansvaret for produksjon og utsending av valkort.

Departementet foreslår å dekkje kostnadene til trykking og distribusjon av valkort via valldøyinga. I høyringsrunden blei departementet bede om å vente med eit uttrekk til ein har betre erfaringstal, for eksempel etter valet i 2015. Departementet har basert utrekningane sine på erfaringane frå valet 2013, då departementet stod for produksjon og utsending av valkort på vegner av kommunane. Dei totale kostnadene for dette var då på om lag 18 millionar kroner. Ein ventar at beløpet vil vere tilnærma likt ved valet i 2015.

Departementet held ved lag forslaget om å overføre ansvaret for produksjon og utsending av valkort frå kommunane til departementet. Det same gjeld forslaget om å endre forskriftsheimen slik at departementet kan gi forskrift om pliktene til valstyret i samband med produksjon og utsending av valkort.

Det er den enkelte kommunen som sit på dei opplysningane som skal førast på valkortet (opplysningar om namnet på vallokala, adresse og opningstid på valdagen(-ane) og dessutan opplysningar om manntalet i kommunen, som for eksempel rodeinndeling). Departementet er derfor avhengig av at kommunane gir departementet dei data valkortet skal innehalde. Departementet foreslår å regulere dette nærmare i valforskrifta. I praksis registrerer kommunane desse opplysningane i EVA. Departementet understrekar at den enkelte kommunen sjølv er ansvarleg for at informasjonen er korrekt.

Departementet vil vurdere bruk av postadresser på valkortet i staden for bustadadresser. Departementet vil også vurdere å sjå nærmare på bruken av elektronisk valkort ved framtidige val.

5.2 Kretsendingar

5.2.1 Gjeldande rett

I vallova § 9-3 (1) andre punktum står det at kretsendingar skal rapporterast til *folkeregistermyndigheita*. Folkeregistermyndigheita ved Skattedirektoratet er ikkje lenger rett mottakar av slike meldingar frå valstyra. Det er sentral matrikkeleining (Statens kartverk) som skal ta imot slike meldingar, og som sørgjer for å oppdatere matrikkelen. Data frå matrikkelen blir send over til Skattedirektoratet og kopla saman med folkeregisteropplysningar.

5.2.2 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet uttalte departementet at føresegna bør oppdaterast slik at ho viser til rett myn-

digheit. Ein sikrar dermed at valstyra melder dette inn korrekt. Departementet påpeikte at dette vil vere ei teknisk endring som ikkje fører til endra praksis eller ansvar.

Departementet foreslo at lovføresegna skulle få denne ordlyden: «*Sentral matrikkelmyndighet* skal orienteres om endringer i stemmekretsinnstillingen innen 31. mars i valgåret.»

5.2.3 Høyringsinstansane

Alle høyringsinstansane støttar forslaget frå departementet, eller har ingen merknader.

Kartverket skriv:

«Det er positivt at rollen Kartverket som sentral matrikkelmyndighet har i dette arbeidet nå foreslås formalisert direkte i valgloven.

For at slike endringer skal kunne implementeres i matrikkelen så raskt og smidig som mulig vil vi foreslå at sentral matrikkelmyndighet gis en forskriftshjemlet adgang til å komme med retningslinjer for form og innhold på disse «endringsmeldingene».

5.2.4 Departementet si vurdering og forslag

Departementet viser til at lovendringa som er foreslått i høyringsnotatet, er ei reint teknisk endring som ikkje inneber noka realitetsendring av det som er dagens situasjon. Vi viser også til at forslaget har fått brei tilslutning i høyringsrunden.

Departementet foreslår derfor å endre vallova § 9-3 (1) andre punktum slik at orienteringar om endringar i stemmekretsinnstillinga skal meldast til den sentrale matrikkelmyndigheita.

Når det gjeld Kartverkets ønske om heimel til å gi retningslinjer om meldingar av endringar, vil departementet kommentere at ein eventuell heimel til å gi slike retningslinjer bør forankrast i vallova og liggje til departementet.

5.3 § 3-3 (3) bokstav c

5.3.1 Gjeldande rett

Det følgjer av vallova § 3-3 (3) at «den som foretar revisjon for en kommune eller fylkeskommune», er utelukka frå val til fylkestinget eller kommunestyret.

Den tidlegare vallova frå 1985 (lov om stortingsvalg, fylkestingsvalg og kommunestyrevalg) § 13 (2) og (3) sette fast:

«Utelukket fra valg til fylkestinget er [...] den som i vedkommende fylkeskommune [...] foretar revisjon for fylkeskommunen.

Utelukket fra valg til kommunestyret er [...] den som i vedkommende kommune [...] foretar revisjon for kommunen.»

I forarbeida til vallova av 2002 (Ot.prp. nr. 45 (2001–2002)) uttaler departementet at føresegna i vallova § 3-3 er meint å vidareføre gjeldande rett. Sjølv om ordlyden blei litt endra, var det ikkje meininga at føresegna skulle få eit anna meiningsinnhald.

I samband med ein lovrevisjon i 2003 blei føresegna om at revisorar er utelukka frå val, flytta frå vallova § 3-3 (3) bokstav b siste strekpunkt til ein ny bokstav c. Departementet uttaler i forarbeida til denne endringa (Ot.prp. nr. 70 (2002–2003), side 67):

«Det er [...] holdepunkter for å fortolke denne bestemmelsen likt med kommunelovens bestemmelse om valgbarhet § 14 nr. 1 bokstav b.»

Den nemnde føresegna i kommunelova handlar om val til kommunale og fylkeskommunale styre, råd og utval, og set fast at:

«Utelukket fra valg er [...] den som i vedkommende kommune eller fylkeskommune [...] foretar revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.»

På bakgrunn av dei fråsegnene frå forarbeida som det er vist til ovanfor, kjem departementet til at det er klart at vallova § 3-3 (3) bokstav c inneber at utelukka frå val til fylkestinget eller kommunestyret er den som gjer revisjon i vedkommande kommune eller fylkeskommune. Føresegna inneber ikkje at revisorar generelt vil vere utelukka frå val.

Eit eksempel: Revisor AA, som utfører revisjon for kommune X, men som er busett i kommune Y, vil dermed kunne veljast til kommunestyret i Y.

5.3.2 Førespurnad frå Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

NKRF reiser i brev til departementet av 3. juni 2014 spørsmål om forståinga av vallova § 3-3. Dei peiker på at forskjellen i formuleringane i føresegnene frå 1985 og 2002 reint språkleg – etter deira meining – neppe kan forståast på annan måte enn at den som gjer revisjon, er utelukka frå val til fylkesting eller kommunestyre, uansett kva (fylkes-)

kommune vedkommande reviderer. Deira eigen konklusjon er likevel at føresegna ikkje er meint slik, og viser til det refererte sitatet frå Ot.prp. nr. 70 (2002–2003). Dei kjem til at revisorar er utelukka frå val i kommunen eller fylkeskommunen der vedkommande utfører revisjon. Dei ber vidare om at ordlyden i vallova § 3-3 blir endra på ein passende måte, for å unngå misforståingar.

Departementet varslar i brev av 23. juni 2014 til NKRF at ein vil sjå nærmare på ordlyden i vallova § 3-3 (3).

5.3.3 Departementet si vurdering og forslag

Departementet kjem til – på grunnlag av det som er sagt i det føregåande – at det er behov for ei presisering i lovteksten når det gjeld revisorar og om dei kan stille til val. Det bør gå klart fram at forbodet mot at ein revisor kan veljast til kommunestyre eller fylkesting, er avgrensa til den kommunen eller fylkeskommunen der vedkommande gjer revisjon. Departementet føreslår å endre lovteksten ved å byte ut formuleringa «for en kommune eller fylkeskommune» med «for kommunen eller fylkeskommunen».

Vidare føreslår departementet ei mindre redaksjonell endring i paragrafen.

Departementet føreslår å ta føresegna om revisor inn i bokstav b som eit nytt siste strekpunkt, samtidig som punkt c blir oppheva.

Departementet har vurdert at det ikkje har vore nødvendig å sende dette forslaget på ei eiga høyring.

5.4 § 8-3 (2) bokstav a

5.4.1 Gjeldande rett

Vallova § 8-3 (2) bokstav a inneheld ei føresegn om at innanriks skal stemmegiving gjennomførast på alle helse- og sosialinstitusjonar i kommunen og elles der valstyret har bestemt. Det skal halvast førehandsstemmegiving minst éin dag ved alle institusjonane. Valforskrifta § 25 bestemmer at ein ved stemmemottak på helse- og sosialinstitusjonar også kan ta imot stemmer heime hos personar som oppheld seg i trygde- og omsorgsbustader, når desse er tilknytt institusjonen.

5.4.2 Høyringsinstansane

I samband med høyringa har *Helsedirektoratet* komme med ei fråsegn om omgrepet «helse- og sosialinstitusjoner» i vallova § 8-3 (2) bokstav a. Helsedirektoratet meiner at omgrepet «helse- og

sosialinstitusjoner» bør endrast til «helse- og omsorgsinstitusjoner». Dei viser mellom anna til Prop. 91 L (2010–2011) punkt 7.4.5 der omgrepsbruk i helse- og omsorgstenesta er nærmare omtalt.

5.4.3 Departementet si vurdering og forslag

Departementet sluttar seg til høringsfråsegna frå Helsedirektoratet, og føreslår å endre formuleringa frå «helse- og sosialinstitusjoner» til «helse- og omsorgsinstitusjoner». Den føreslåtte endringa er av reint språkleg art og inneber inga realitetsendring. Slik departementet ser det, har det derfor ikkje vore nødvendig å sende dette forslaget på ei eiga høyring.

6 Omtale av problemstillingar der det ikkje er forslag om lovendringar

6.1 For seint innkomne førehandsstemmer

6.1.1 Gjeldande rett

Det følgjer av vallova § 8-1 (2) at førehandsstemmegivinga innanriks skal avsluttast fredagen før valdagen. Det er ikkje gitt noko klokkeslett. Utanriks stemmegiving skal avsluttast den nest siste fredagen før valdagen, jf. vallova § 8-1 (2). Veljarane kan førehandsstemme i alle kommunane i landet, på utanriksstasjonar og konsulat og hos stemmemottakarar som er oppnemnde av departementet utanriks.

Valforskrifta § 27 (8) krev at førehandsstemmer som er mottekne i den siste veka av førehandsstemmeperioden, skal sendast vidare til heimkommunen til veljaren kvar dag. Det er vidare eit krav at førehandsstemmegivingane skal sendast som A-post eller på raskare måte, jf. valforskrifta § 27 (9).

Førehandsstemmer som skal kunne godkjennast og telje med i valoppgjeret, må vere komne inn til valstyret valdagen klokka 21.00. Stemmer som kjem etter denne fristen, skal forkastast, jf. vallova § 10-1 bokstav g.

6.1.2 Problemstillinga

Ved valet i 2013 kom 1 653 førehandsstemmer for seint fram og blei derfor forkasta. Årsakene til dette er mellom anna feilsending, forveksling av kommunar, sein sending frå stemmemottakaren,

mangelfull adressering eller forseinkingar i postgangen.

Departementet drøfta også problemstillinga rundt for seint innkomne førehandsstemmer i Ot.prp. nr. 24 (2006–2007). Departementet gjekk her ikkje inn for å endre fristane for mottak eller godkjenning av førehandsstemmer. Men det blei teke inn i valforskrifta at stemmer skal sendast med A-post eller raskare, og at utanbysstemmer skal sendast kvar dag den siste veka av førehandsstemmeperioden.

Stortingets fullmaktskomité kommenterte problemstillinga i Innst. 1 S (2013–2014), og uttalte at dei meiner talet på for seint innkomne førehandsstemmegivingar er uakseptabelt høgt. Komiteen meiner at det bør stillast endå klarare krav til sendinga av førehandsstemmer. Det bør presiserast endå tydelegare at stemmemottakaren har ansvar for å sende førehandsstemmene til rett kommune og til å sende dei på ein tryggast mogleg måte slik at stemmegivingane kjem fram før fristen. Om nødvendig må ein bruke ekspresspost eller bod når ein skal sende førehandsstemmer tett opp mot valdagen. Komiteen ber departementet vurdere om ein bør gi reglar om dette, for eksempel i forskrift.

Komiteen meiner det er uheldig at dei forkasta for seint innkomne førehandsstemmene ikkje blir registrerte, og ser det som viktig at alle forkastingar, så langt det er mogleg, blir registrerte og går fram av den offisielle statistikken som ligg til grunn for kontrollen med stortingsvalet.

Komiteen ber departementet sørge for at det blir etablert betre rutinar for både registrering av for seint innkomne førehandsstemmegivingar og rapportering av dette til fylkesvalstyra. Om nødvendig meiner komiteen at også møtebøkene bør endrast slik at fylkesvalstyra kan registrere dette som ledd i si endelege oppteljing. Forkastingar av for seint innkomne førehandsstemmegivingar bør i det minste registrerast fram til fylkesvalstyret legg fram møteboka si.

6.1.3 Høringsforslaget frå departementet

Departementet omtalte i høringsnotatet ulike verkemiddel for å redusere talet på for seint innkomne førehandsstemmer, og bad om innspel frå høringsinstansane rundt denne problemstillinga, men føreslo ingen lovendringar. Dei ulike forslaga og tilbakemeldingane frå høringsinstansane blir presenterte i dette kapitlet.

Endre den lovfesta fristen for å avlegge førehandsstemmer

Å flytte fristen for når veljaren kan gi førehandsstemme frå fredag før valdagen til torsdag før valdagen, kan medverke til at færre førehandsstemmer kjem for seint fram.

Eit stort tal førehandstemmer blir gitt den siste opningsdagen i førehandsstemmeperioden. Oslo kommune tok imot heile 21 252 førehandsstemmer den siste fredagen før valdagane, mens 10 466 veljarar gav førehandsstemme i Bergen kommune same dag.

Å endre fristen for å stemme avgrensar moglegheita veljaren har til å stemme. Ei slik innskrenking kan føre til mykje klagar og negativ merksemd frå veljarane. Departementet meiner ein bør vere varsam med endringar som grip inn i tilgjenge veljarane har til å få avlagt stemme, og foreslår derfor ikkje å endre denne fristen no.

Høyringsinstansane

Høyringsinstansane har delte meiningar om eventuelle rutine- og regelendringar for å sikre at færrest mogleg stemmer blir forkasta. *Forbrukerrådet* seier seg einig i forslaget frå departementet om å ikkje endre den lovfesta fristen for å gi førehandsstemmer, og:

«[...] støtter departementets vurdering om at man bør være varsom med å gjøre endringer som griper inn i velgernes adgang til å avlegge stemme. Forbrukerrådet støtter departementets vurdering om at det kan være uheldig å endre lovfestet frist for avleggelse av forhåndsstemmer.»

Arbeiderpartiet er bekymra for talet på seint innkomne førehandsstemmer og støttar eit krav om endå klarare rutinar for korleis ein sender stemmene, men ønskjer ikkje å avgrense moglegheita for å førehandsstemme fredag før valet, sidan eit høgt tal veljarar stemmer denne dagen.

Bremanger kommune og *Bærum kommune* støttar også å halde fram med dagens frist av omsyn til veljarane. Både *Vefsn kommune* og *Ålesund kommune* ønskjer å halde på fristen for førehandsstemmegiving, men påpeiker at ein ville løyst problemet ved å halde fram med ordninga med internettstemmegiving.

Andre høyringsinstansar er ueinige i denne vurderinga og ønskjer at departementet set fast ei endring i tidsfristane. *Posten Norge* skriv at ei utviding av tidsvindauget mellom avlagde stemmer og

fristen for mottak er viktig for at Posten skal få tid til å få fram sendingane og ta høgde for feil og avvik, og skriv vidare:

«Vi vil derfor sterkt anbefale at tidsvinduet mellom siste frist for forhåndsstemming og fristen for godkjenning av slike stemmer utvides med minst én dag og helst 2-3 dager.»

Samferdselsdepartementet viser i høyringsfråsegna si til merknader frå Posten og sluttar seg til desse.

Valle kommune skriv at ei slik endring av fristen vil vere fordelaktig for distriktskommunar, og peiker på at det er viktig at små kommunar får med alle stemmer i teljinga. *Lillesand kommune* meiner at førehandsstemmeperioden er lang nok til at det bør kuttast ein dag for å sikre at førehandsstemmene kjem fram.

Bergen kommune og *Valgforum* meiner forslaget om å endre fristen for førehandsstemmer er ei betre løysing enn å forskyve fristen for godkjenning av førehandsstemmer.

Endre den lovfesta fristen for godkjenning av førehandsstemmer

For å bli godkjend i dag må ei stemme vere valstyret i hende i kommunen ein er manntalsført i, innan klokka 21.00 på valdagen. Det følgjer av vallova §§ 8-1 (3) og 10-1 bokstav g. Ved å endre denne fristen frå måndag klokka 21.00 til for eksempel tysdag klokka 16.00, kan ein vente at talet på for seint innkomne førehandsstemmer blir lågare.

Ei slik endring vil likevel forseinke det endelege valoppgjeret med nokre timar. Dei fleste kommunane hadde ved stortingsvalet i 2013 rapportert inn det endelege valresultatet klokka 16.00 tysdag etter valdagen. Det vil også påføre dei enkelte valstyra noko meir arbeid, sidan dei truleg må ta ein pause i oppteljinga for å vente på førehandsstemmer som er på veg i posten.

Ei slik forlenging av fristen for mottak av førehandsstemmer vil ikkje påverke moglegheita veljarane har til å stemme. Derfor meiner departementet at dette er å føretrekkje dersom ein av dei nemnde fristane skal endrast. Departementet bad i høyringsnotatet om innspel frå høyringsinstansane rundt ei slik endring.

Ei slik endring vil gi Posten ein dag meir til sending. Det bør understrekast at det å endre denne fristen ikkje vil fjerne problemet med for seint innkomne førehandsstemmer heilt. Dersom ei førehandsstemme er sendt på feil måte eller med feil adresse, vil ho nok uansett ikkje rekke å

komme fram til rett kommune innan tysdag klokka 16.00.

Høyringsinstansane

Asker kommune er representativ for dei fleste høyringsinstansane med det dei skriv:

«Asker kommune mener det ikke er naturlig å utvide fristen for mottak av stemmesedler til tirsdag etter valget før strengere krav til forsendelse av forhåndsstemmer er iverksatt og evaluert.»

Valgforum uttaler at det å utvide fristen vil komplisere og forseinke valoppgjeret. *Sør-Fron kommune* er einig i at det vesentlege er at valoppgjeret blir endeleg ferdig så raskt som mogleg.

Berre to av høyringsinstansane uttrykkjer seg positivt til å endre den lovfesta fristen. *Posten Norge* støttar som nemnt eit utvida tidsvindauge, men peiker på at det er mindre viktig om regelendringa gjeld tidspunktet for sending eller mottak. *Forbrukerrådet* meiner derimot:

«Det er etter Forbrukerrådets vurdering en langt større demokratisk utfordring at forhåndsstemmer ikke kommer frem i tide, enn at endelig valgresultat kan komme noe senere enn i dag.»

Forskriftsfeste rutinar for sending av førehandsstemmer

I dag er det krav om at førehandsstemmer skal sendast med A-post eller på raskare måte, og at førehandsstemmer skal sendast kvar dag den siste veka før valet, jf. valforskrifta §§ 27(8) og 27(9).

Departementet ønskjer å presisere at det er valstyret i dei enkelte kommunane som er ansvarleg for at ei stemme blir sendt på ein måte som sikrar at stemma normalt vil komme fram. Departementet vurderer å forskriftsfeste fleire rutineendringar.

Ei årsak til at førehandsstemmer kjem for seint fram, er at dei blir sende til feil adresse, anten på grunn av mangelfull adressering eller fordi teksten på valkortet har forskyvd seg slik at det er adressa til veljaren som viser i konvoluttvindauget.

Departementet føreslår å forskriftsfeste at alle førehandsstemmer som skal sendast til ein annan kommune, skal sendast i ein eigen sendingskonvolutt. Ein sendingskonvolutt vil bidra til å unngå

feilsendingar. Det må komme tydeleg fram kven som er avsendar, og konvolutten skal tydeleg adresserast til valstyret i mottakarkommunen. Valadministrasjonssystemet EVA har rapportar som kan vere til hjelp for stemmemottakaren ved sending av førehandsstemmer. Dette vil bli teke med i opplæringa av valmedarbeidarane.

Vidare kan forskriftsføreseigna om oversending utvidast. Det er i dag krav til at førehandsstemmer skal sendast over kvar dag *den siste veka* før valdagen. Departementet vurderer å forskriftsfeste krav om at førehandsstemmer skal sendast kvar dag *dei to siste vekene* før valdagane. Det vil gi betre moglegheiter til å korrigere eventuelle feilsendingar.

Høyringsinstansane

Ingen av høyringsinstansane uttrykkjer motstand mot å bruke ein eigen sendingskonvolutt, og fleire kommunar understrekar at dei allereie bruker det. Heller ingen høyringsinstansar hadde innendingar mot å forskriftsfeste at førehandsstemmer skal sendast kvar dag dei siste to vekene før valet.

Tana kommune er representativ for høyringsfråsegnene ved at dei

«[...] støtter forslaget med at det i forbindelse med oversending av forhåndsstemmer benyttes egen forsendelseskonvolutt og at forhåndsstemmer skal sendes hver dag de to siste ukene før valget.»

I tillegg til å støtte kravet om eigen sendingskonvolutt føreslår *Posten Norge* at departementet tydeleggjer at kommunane kan nytte produkt med raskare framsending enn A-post dei siste dagane av førehandsstemmeperioden. Kommunane kan sende stemmer med tenesta «Bedriftspakke Ekspress – Over natten», noko som inneber sporbar sending og tidsgaranti. *Posten Norge* anbefaler at departementet forskriftsfestar sendemåten.

Valgforum anbefaler departementet også å forskriftsfeste at utanriksstemmer skal sendast kvar dag i heile førehandsstemmeperioden.

Informasjon og rettleiing

Departementet vil i informasjonen og opplæringa si oppmode kommunane til å inngå lokalt samarbeid med Posten, slik at dei får til gode ordningar når det gjeld levering og sending av førehandsstemmer. Departementet vil også halde eit eige møte med Posten i forkant av førehandsstemmegivinga for å sikre framleis god kommunikasjon og

godt samarbeid. Det er viktig at kommunane har oversikt over tidsfristane Posten har for levering av post.

Departementet vil også oppmode dei enkelte valstyra til å ta ei sjølvstendig vurdering av korleis dei skal sende førehandsstemmer til andre kommunar mot slutten av førehandsstemmeperioden. For eksempel kan valstyret utarbeide ein plan for korleis stemmemottakarane skal handtere førehandsstemmer til andre kommunar på ein måte som sørger for at dei kjem fram til mottakarkommunen i rett tid. Valstyret bør i nokre tilfelle vurdere å bruke ekspresspost eller bod. Departementet vil likevel ikkje fastsetje krav til bruk av ekspresspost eller bod.

For å leggje til rette for betre sending av førehandsstemmer frå utlandet vil departementet i samarbeid med Utanriksdepartementet sørge for at utanriksstasjonane får god og tilstrekkeleg informasjon om sending av førehandsstemmer. Departementet er også kjent med at det i enkelte tilfelle blir samla opp førehandsstemmer som først blir sende når perioden for mottak av førehandsstemmer er avslutta. Departementet vil forbetre rettleiingsmateriellet som stemmemottakarane utanriks nyttar, for å gjere rutineane for sending av førehandsstemmer betre kjende.

Høyringsinstansane

Posten Norge stiller seg positiv til at kommunane blir oppmoda til lokalt samarbeid med Posten, og er interessert i ein dialog med departementet. *Posten Norge* ser det likevel som føremålstenleg å avklare dei overordna rammene og føringane med departementet før kommunane tek initiativ til samarbeid med Posten lokalt.

Fleire kommunar, blant dei *Meland kommune*, opplyser at dei allereie har eit godt fungerande samarbeid med det lokale postvesenet, og anbefaler andre kommunar å avtale eit slikt møte i forkant av førehandsstemmegivinga.

Forbrukarrådet er einaste høyringsinstans som har innvendingar mot forslaget frå departementet om at meir informasjon og rettleiing kan bøte på problemet med for seint innkomne førehandsstemmer. Dei er usikre på om dei føreslåtte verkemidla er sterke nok, særleg dei som er retta mot Utanriksdepartementet og utanriksstasjonane. Sjølv om rettleiing kan ha ein positiv effekt, meiner *Forbrukarrådet* at det må stillast strengare krav til etterleving av gjeldande regelverk og rapportering enn departementet har føreslått på dette punktet. Dei meiner også at det må vere

departementet si oppgåve, ikkje kommunane, å avklare fristar med Posten i forkant av valet.

Sandnes kommune talar for mindre drastiske verkemiddel og meiner at

«[...] problemet først og fremst løses ved å bedre rutineane i kommunane, men også ved god informasjon til utenriksstasjonane, og ved å opprettholde en god dialog og et godt samarbeid med Posten.»

6.1.4 Departementet si vurdering

Tilbakemeldingar frå kommunane i etterkant av valet i 2013 viser at årsaka til forseinkingane ofte er manglande gjennomføring av eksisterande tiltak, mellom anna feiladressering, bruk av B-post som sendemåte eller for sein innlevering til postkontor. Dette tyder på at talet på for seint innkomne førehandsstemmer bør kunne reduserast ved å skjerpe inn dei eksisterande rutineane.

Departementet føreslår derfor i denne omgang ikkje å endre fristen for sending eller mottak av førehandsstemmer.

Departementet ønskjer derimot å forskriftsfeste bruk av eigen sendingskonvolutt. Ingen av høyringsinstansane er negative til forslaget, og ei rekkje kommunar har allereie teke i bruk dette. Bruk av eigen sendingskonvolutt reduserer vonleg talet på feiladresseringar. I tillegg vil departementet forskriftsfeste at førehandsstemmer skal sendast kvar dag dei to siste vekene av førehandsstemmeperioden.

Departementet vil under opplæringa understreke ansvaret kommunane har for å få sendt førehandsstemmer på rett måte innan fristen. Kommunane må sørge for at alle stemmemottakarane er merksame på ansvaret for riktig adressering til valstyret i mottakarkommunen og bruk av A-post eller raskare som sendemåte.

Posten vil sende ut brev til alle kommunane i forkant av valet, og kommunane blir oppmoda i aller sterkaste grad til å nytte seg av tilbodet om lokalt samarbeid. Ved å gjere seg kjende med den siste fristen for innlevering av førehandsstemmer kan kommunane hjelpe til med å redusere talet på stemmer som kjem fram til mottakarkommunen for seint. Posten kan hjelpe til med å føreslå alternative leveringsmåtar til A-post for stemmene som skal sendast den siste dagen i førehandsstemmeperioden.

Når det gjeld utanriksstemmer, er departementet i dialog med Utanriksdepartementet om sendemåtar. Opplæringsmateriellet til stemme-

mottakarane på utanriksstasjonane er oppdatert og inneheld ein ny instruks om sendemåte.

Departementet skal etter valet i 2015 gjennomføre ei evaluering som ser nærmare på bakgrunnen for at førehandsstemmer kjem fram for seint, basert på innrapporterte tal frå kommunane. Det er derfor viktig at alle kommunar registrerer og rapporterer årsaka til eventuelle for seint innkomne førehandsstemmer, slik at departementet kan vurdere eventuelle vidare tiltak før valet i 2017. Denne evalueringa vil også danne grunnlag for eventuelle endringar i rapportering av for seint innkomne førehandsstemmer, enten via EVA eller i møtebøkene til valstyret og fylkesvalstyret.

6.1.5 Forslag om ny postlov og postforskrift

I Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014) Kap. 1370 Posttjenester foreslår regjeringa å gjennomføre EUs tredje postdirektiv og redusere talet på omdelingsdagar frå seks til fem dagar i veka, med mogleg unntak for nokre tenester. Samferdselsdepartementet følgde opp forslaget med eit høyringsnotat om utkast til ny postlov og postforskrift, sendt ut 22.10.2014 med høyringsfrist 26.1.2015. Det eine hovudforslaget er at postomdeling på laurdagar ikkje lenger skal vere ei leveringspliktig teneste. Samferdselsdepartementet viser til nedgangen i brevmengda generelt, og at volumet av postsendingar som blir omdelte på laurdagar, berre er ein fjerdedel av volumet som går ut på kvardagar.

Lovforslaget inneber at førehandsstemmer som blir leverte etter innleveringsfristen fredag før valdagen, blir liggjande til måndag og dermed først kjem fram til mottakarkommunen tysdag etter valet. For kommunar i Nord-Noreg med to dagars leveringstid inneber endringa at post som er innlevert fredag kveld den siste dagen i førehandsstemmeperioden, først kjem fram til mottakarkommunen onsdag etter valet.

Forslaget til den nye postlova inneheld ei føresegn om spesielle samfunnspålagde oppgåver. Lova opnar for at «myndigheten kan inngå avtale med eller pålegge leveringspliktig tilbyder å sikre innsamling og utlevering av forhåndsstemmer innenriks siste helg før valgdag ved stortings-, fylkestings- og kommunestyrevalg». Samferdselsdepartementet nemner også problemstillinga i høyringsnotatet sitt, der dei foreslår at myndighetene avtaler særskild innsamling og distribusjon av førehandsstemmer enten

med leveringspliktig tilbyder eller ein annan tilbyder (via anbodskonkurranse). Ein eventuell avtale eller pålegg om levering siste laurdag før valdagen i valåret omfattar ikkje ei plikt til generell laurdagsomdeling, og lovforslaget utelukkar ikkje at formidling av førehandsstemmer kan sikrast gjennom ein avtale med ein annan tilbyder.

Meland kommune omtaler problemstillinga i høyringsfråsegna si om forslag til endringar i vallova og valforskrifta og meiner at dersom postdistribusjon på laurdagar fell bort,

«[...] bør sentral mynde likevel setje som krav til Posten at dei skal levere førehandsrøyster den siste laurdagen før valdagen.»

Eventuelle endringar i postlova vil mest sannsynleg først gjelde frå stortings- og sametingsvalet i 2017. Dersom endringane blir gjennomførte, vil departementet på nytt vurdere å endre fristen for å gi eller ta imot førehandsstemmer. Departementet vil då leggje fram eventuelle fristendringar i ein lovproposisjon til Stortinget før stortingsvalet i 2017.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget om endring av ansvaret for produksjon og utsending av valkort vil få økonomiske konsekvensar, for både kommunane og departementet. Departementet foreslår at kostnadene ved produksjon og utsending av valkort til alle som har stemmerett i landet blir dekte via valøyvinga. Basert på erfaringane frå 2013, då departementet stod for produksjon og utsending av valkort på vegner av kommunane, vil dei totale kostnadene for dette vere på om lag 18 millionar kroner. Det vil innebere ei direkte innsparing for kommunane, og det vil derfor vere naturleg å trekkje desse midlane i rammetilskotet til kommunane. Departementet anbefaler å dekkje inn innsparinga over to år. Endringa vil også innebere forenkling og ressursparing for kommunane, sidan dei ikkje treng å gjennomføre anbodskonkurransar. Samtidig vil det føre med seg eit ansvar for å leggje inn korrekt informasjon i valadministrasjonssystemet EVA.

Lovforslaga vil elles ikkje føre med seg økonomiske eller administrative konsekvensar i vesentleg grad.

8 Merknader til dei enkelte føresegnene

Til § 2-3 tredje ledd:

Departementet tek over ansvaret for produksjon og utsending av valkorta, og ansvaret blir lovfesta.

Til § 2-9 bokstav c:

Departementet tek over ansvaret for produksjon og utsending av valkort. Det er derfor behov for å utvide forskriftsheimelen noko. Det er aktuelt å forskriftsfastsetje nærmare reglar rundt pliktene til valstyret i samband med produksjonen og utsendinga av valkorta, mellom anna at valstyret pliktar å gi departementet dei opplysningane valkorta skal innehalde. Valstyret pliktar å opplyse om dette på den måten og innan den fristen som departementet set fast.

Til § 3-3 tredje ledd:

Departementet føreslår ei presisering i lovteksten for å gjere det klart at revisor i kommunen eller fylkeskommunen er utelukka frå val til kommunestyret eller fylkestinget i den kommunen eller fylkeskommunen der vedkommande gjer revisjon. Forbodet mot val gjeld ikkje andre kommunar eller fylkeskommunar.

Noverande bokstav c opphevast.

Til § 8-3 andre ledd bokstav a:

Formuleringa blir endra frå «helse- og sosialinstitusjoner» til «helse- og omsorgsinstitusjoner». Endringa er reint språkleg og inneber inga realitetsendring.

Til § 9-3 første ledd andre punktum:

I dagens lovtekst står det at meldingar om endringar i stemmekretsinnndelinga skal sendast til folkeregistermyndigheita. Folkeregistermyndigheita er ikkje lenger mottakar av slike meldingar. Meldingane skal sendast til Statens kartverk som sentral matrikkelmyndigheit. Dei sørgjer for å oppdatere matrikkelen og sender over opplysningane til Skattedirektoratet for å kople dei saman med folkeregisteret.

Føresegna i vallova bør oppdaterast, slik at valstyra melder inn til rett myndigheit. Dette er ei reint teknisk endring, som ikkje fører til noka endring av praksis eller ansvar.

Endringane kan tre i kraft straks.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i valgloven (ansvar for valkort mv.).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i valgloven (ansvar for valkort mv.) i samsvaret med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i valgloven (ansvar for valkort mv.)

I

I lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre blir det gjort følgende endringer:

§ 2-3 tredje ledd skal lyde:

(3) *Departementet* skal sørge for at det blir sendt ut valkort til alle stemmeberettigede som er innført i manntallet i kommunen, og som har bostedsadresse innenriks, unntatt på Svalbard og Jan Mayen.

§ 2-9 bokstav c skal lyde:

c) produksjon, utforming, utsendelse og bruk av valkort, *herunder om valgstyrets plikter i forbindelse med produksjonen og utsendelsen.*

§ 3-3 tredje ledd skal lyde:

(3) Utelukket fra valg til fylkestinget eller kommunestyret er:

- a) fylkesmannen og assisterende fylkesmann og
- b) den som i vedkommende kommune eller fylkeskommune er
 - administrasjonssjef eller dennes stedfortreder,
 - leder av forvaltningsgren; dette gjelder likevel ikke leder av enkeltstående virksomheter,

- sekretær for kommunestyret eller fylkestinget,
- ansvarlig for *regnskapsfunksjonen*,
- *den som foretar revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.*

§ 8-3 andre ledd skal lyde:

(2) Hos stemmemottaker oppnevnt av valgstyret foregår stemmegivning

- a) på helse- og omsorgsinstitusjoner, og
- b) der valgstyret ellers beslutter at det skal mottas forhåndsstemmer.

§ 9-3 første ledd andre punktum skal lyde:

Sentral matrikkelmyndighet skal orienteres om endringer i stemmekretsinnndelingen innen 31. mars i valgåret.

II

Iverksettning

Lova tek til å gjelde straks.
